

Årsmelding 2024

Surnadal kommune

Forord

Året 2024 har vore eit år med stor aktivitet i kommunen, og det er lagt ned mykje godt arbeid for å yte gode tjenester for våre innbyggjarar.

Årsmeldinga gjev ein god oversikt over det viktigaste aktivitetane og tiltaka i året som har gått. Av store hendingar i 2024 kan innføring av helseplattformen, planlegging av helsehus og busetting av 55 nye flyktningar nemnast.

Økonomisk situasjon

2024 vart eit år prega av store økonomiske utfordringar for vår kommune. Vi gjekk inn i året med eit meirforbruk på omlag kr 9,5 mill (negativt netto driftsresultat 2023). Dette meirforbruket vart dekt opp ved bruk av disposisjonsfond, og fondet var ved starten av året på omlag kr 14 mill.

Ut over året vart det klart av vi ikkje kom til å greie å halde oss innanfor budsjetttrammene og ved årets slutt enda vi på eit negativt netto driftsresultat på omlag kr. 35 mill. Sjølv om det gjennom året har blitt tilført midlar til disposisjonsfondet, var det ikkje det nok til å dekke inn heile meirforbruket. Etter årsoppgjersdisposisjonane er gjennomført står vi no att med eit udekka meirforbruk på omlag kr. 17,8 mill. Dette udekka meirforbruket må vi finne dekning for, anten i 2025 eller i 2026 for å unngå å kome på register om betinget godkjenning og kontroll (Robek). [Register om betinget godkjenning og kontroll \(ROBEK\) - regjeringen.no](#)

Samla hadde alle einingane eit meiforbruk på omlag kr. 40 mill, og det er inga tvil om at driftsnivået og derav utgiftsnivået vårt er for høgt i forhold til inntektene. Bakgrunnen for meirforbruket i aktuelle einingar er svært samansette, noko er relatert til behov for kjøp av eksterne vikarar og vikarlegar og noko er relatert til vedtak knytta til enkeltbrukarar.

Alle einingar har redegjort for si eining si økonomiske status under menypunktet tenesteområde, og eg håpar alle tek seg tid til å lese det som er skreve her.

I 2024 vart det teke budsjettgrep, mellom anna ved reduksjon av fleire årsverk. Dette fekk imidlertid ikkje effekt før siste tertial i rekneskapet, og fekk då liten påverking for rekneskapet i 2024. Alle disse tiltaka er vidareført i budsjettet og drifta for 2025. Kommunestyret vedtok i tillegg ei omfattande tiltaksliste på 13 punkt i budsjettmøte 19. desember 2024, som blant anna skal gje eit nedtrekk på 40 årsverk rekna frå starten til slutten av økonomiplanperioden 2025-2028.

Framover må det jobbast hardt for å halde budsjettbalansen i 2025 og i åra framover. For å greie dette må vi alle innstille oss på krevande omstillingar og ein ny kvardag.

Investeringar:

Det har vore gjennomført investeringar for omlag kr. 106 mill i 2024. Opprinneleg investeringsbudsjett var på omlag kr 154 mill, men etter vedtak i kommunestyret vart investeringane tatt ned med kr 37 mill. Den største investeringa i 2024 har vore innføringa av Helseplattfomen. Innføring av helseplattformen har vore inngripande i drifta i helsesektoren i 2024, som kan reknast som ei av dei største endringane i måten å arbeide på på mange år. Takka være dyktige ansatte og gode hjelparar i Helseplattformen AS blei innføringa gjennomført på ein svært god måte.

Framtidsutsikter

Årsmelding 2024

Sjølv om vi har møtt store utfordringar er vi likevel optimistiske med tanke på framtida. Vi skal saman fortsette å jobbe hardt for å få forbetre kommunens økonomi, samtidig som vi skal sikre berekraftige tjenester for alle innbyggjarar i kommunen. Arbeidet som skal og må leggast ned for å greie omstillingane vi må igjennom er krevande for mange, og vi er glade for mange viser forståing for situasjonen vi er oppe i.

Avslutning

Ønsker å takke alle ansatte, leiarar, tillitsvalde, politikarar, innbyggjarar og samarbeidspartnarar for deira innsats og engasjement i året som har gått. Saman skal vi fortsette å bygge ein sterk og berekraftig kommune.

Surnadal, 31.03.25

Lars Inge Kvande
kommunedirektør

Tenesteområde helse og omsorg

Helse og omsorg

Området Helse og omsorg består av Helse og familie, Sjukeheimen, Bu og aktivitetstenesta, Heimetenesta, Indre Nordmøre barnevernsteneste og NAV kommune.

Overordna strategiar og satsingar – frå Helse- og omsorgsplan

Helse- og omsorgsplana seier noko om overordna strategiar og satsingar som skal ligge til grunn for arbeidet i alle tenestene innan helse og omsorg.

Ansvar for eige liv

Surnadal kommune skal vere med å legge til rette for at innbyggjarane så godt som råd tek ansvar for eige liv på mange ulike område. Vi skal vere rådgjevarar og legge til rette for at innbyggjarane kan ta dette ansvaret. Ansvaret for å fremje denne tankegangen ligg hos både tilsette i tenestene, og i administrativ og politisk leiing.

Som kommune vil vi drive opplysnings- og haldningsskapande arbeid med fokus på fysisk aktivitet, kosthald og sosial deltaking retta mot både barn, unge, vaksne og eldre. Ulike tema er relevant for ulike aldersgrupper, og vi må bruke dei arenaene vi har til å fremje ein livsstil som gir god helse og livskvalitet for den enkelte. Som døme må spesielt eldre sørge for ein eigna bustad og ta i bruk velferdsteknologi. Dette kan på sikt førebyggje og utsette behov for tenester, og bidra til at folk kan bu lenger heime med god livskvalitet.

Tidleg innsats

Halde fram arbeidet med å utvikle helsestasjon- og skulehelsetenesta.

Auke kompetansen til å oppdage og sjå utfordringar og moglegheiter tidleg i ulike forløp. Dette gjeld innanfor alle tenesteområde og både for barn, unge og vaksne.

Tenestene skal ta utgangspunkt i brukarane sine ressursar og ønska deltaking i ulike aktivitetar. Samarbeide om tenestene til både for barn, unge og vaksne på tvers av tenesteområde.

Samarbeid

Ta med brukar og pårørande i planlegging av tenestetilbodet. Ha fokus på kva dei kan ta ansvar for, og kva kommunen tek ansvar for.

Halde fram og utvikle det gode samarbeidet mellom Surnadal kommune, frivillige og Surnadal frivilligsentral.

Samarbeid på tvers av fag og sektorar

Rehabilitering og habilitering

Utvikle rehabiliteringstenestene med fokus på samarbeid, overgangar mellom ulike nivå/tenester i kommunen og mellom kommune og spesialisthelsetenesta

Rekruttering og kompetanse

Legge til rette for at leiarar på alle nivå får naudsynt kompetanse og blir trygge i rolla som leiar.

Legge til rette for opplæring og rettleiing på arbeidsplassen, kurs, fagutdanning eller høgare utdanning, og for at tilsette tek vidareutdanninger innan definerte kompetansebehov og prioriterte område.

Arbeide for at talet heiltidsstillingar går opp. Vi ynskjer at flest mogleg tilsette har høge stillingsprosentar.

Arbeide for større grad av faste stillingar og færre vikariat. Vi skal opprette fleire faste vikarstillingar der vikarbruken er høg, slik at fleire kan få fast stilling og ein sikrar vikarar med rett kompetanse.

Ta i bruk fleksible arbeidstidsordningar i dialog med dei tilsette, der dette kan fremje kontinuitet og kvalitet for brukarane, og attraktive arbeidstidsordningar for dei tilsette.

Vere ein organisasjon som tek stort ansvar for studentar og lærlingar. Vi skal ha plass til ungdomslærlingar, framandspråklege og vaksenlærlingar.

Digitalisering og velferdsteknologi

Surnadal kommune har eit stort fokus på velferdsteknologi og digitalisering, - det er eit prioritert område der det vert avsett midlar i investeringsbudsjett til utviklingsføremål innan digitalisering. Det er eit omforeint fokus at innføring av ulik teknologi vil vere naudsynt for å utvikle og oppretthalde gode, trygge tenester framover.

Årsmelding 2024

Helseplattformen er innføringa av ein felles elektronisk pasientjournal for helsetenesta i Midt-Norge. Alle kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag har opsjonsavtale knytta til Helseplattformen, og deltar aktivt i oppsettet av løysinga. Surnadal kommune må i starten av økonomiplanperioden ta stilling til når ein vil utløyse opsjon.

Leve hele livet

Stortingsmelding 15 (2017-2018) – «Leve hele livet» er ein kvalitetsreform for eldre. Reformen skal bidra til:

«Fleire gode leveår der eldre beheld god helse lenger, opplever at dei har god livskvalitet, og at dei i større grad mestrar eige liv, samstundes som dei frå den helsehjelpa dei treng når dei har behov for den.

Pårørande som ikkje blir utslitne, og som kan ha ein jamn innsats for sine nærmeste.

Tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får bruk kompetansen sin og gjort ein fagleg god jobb.»

Målgruppa er eldre over 65 år.

Innsatsområde i reforma er:

Eit aldersvenleg Norge

Aktivitet og fellesskap

Mat og måltid

Helsehjelp

Samanheng og overgang i tenestene

Tiltak og prosjekt som er sett i gang i samband med denne reforma er omtala under dei ulike ansvarsområda.

Vedtatt visjon for området «Legge liv til åra» er heilt i tråd med kvalitetsreforma.

Året 2024

Utviklingsarbeid

I 2024 var det to prosjekt som hadde stor merksemd i tillegg til den daglege drifta innan helse og omsorgstenestene.

Helseplattformen

Helseplattformen vart tatt i bruk hausten 2024 og det var mykje arbeid med planlegging og kompetanseheving både i forkant og i etterkant av innføringa. Innføringa må seiast å vere ein

Årsmelding 2024

kjempestor dugnad der alle tilsette stilte opp for at innføringsløpet skulle gå best mulig. Ein stor takk til alle som bidrog til at vi kom igjennom innføringa på ein så god måte som vi gjorde! Det er fortsatt område vi må arbeide vidare med og ha fokus på, men i det store er det meste på plass. Sjølve prosjektet heldt seg innafor budsjettterte rammer, men det var ikkje teke høgde for prisvekst på investeringskostnaden. Dette vart justert i ei budsjettregulering før jul.

Helsehus

Vi brukte også mykje tid på vidare planlegging av Helsehuset. Rom og funksjonsprogram og teknisk program vart utarbeidd i løpet av året, etter brei involvering av tenestene og brukargruppene. Endelig rom og funksjonsprogram vart godkjent i kommunestyret i februar 2025, men arbeidet og store delar av prosessane vart gjennomført i 2024.

Interkommunalt samarbeid

Avtalen om drift av kommunal akutt døgnenhet (KAD- sengene) ved St. Olavs Hospital avd. Orkland blei avvikla i løpet av våren 2024. Etter ein prosess blant samarbeidskommunane rundt legevaka landa ein på ein desentralisert modell der kvar kommune legg til rette for kommunal akutt døgnenhet (KAD) i eigen kommune, men fortsatt samarbeid mellom kommunane om drift av legevakt. Lokala for legevaka vart flytta til Fannrem i Orkland kommune frå 1. februar 2024. Surnadal kommune sine KAD senger vart flytta til Surnadal sjukeheim frå mai 2024.

Det vart jobba med ny vertskommuneavtale som skal omfatte kun vertskommunesamarbeid knytta til legevakt. Denne vart ikkje ferdig i løpet av 2025

Beredskapsarbeid

Krigen i Ukraina har gjort at ein også i 2024 har hatt behov for samordning og møte mellom tenestene, og det har vore gjennomført jämnde møte mellom aktuelle tenester heile året. Helse og familie har vore sentrale i arbeidet med helsekartleggingar og rådgivning og NAV har hatt oppfølging når det gjeld arbeid og utdanning for dei som har gjennomført introduksjonsprogrammet. Ein opplevde gjennom året at fleire tenester vart involvert, då nokre av dei som har komme har hatt store helse-utfordringar med behov for helse- og omsorgstenester.

Økonomi

Alle tenestene opplevde utfordringar når det gjeld rekruttering i 2024 og mest alle har hatt ekstra kostnader i samband med bruk av overtid og ekstra vakter. For å sikre forsvarleg drift sommaren 2024, der vi hadde få søkjrarar på sommarjobb, planlegging av innføringa av Helseplattformen, og erfaringar frå sommaren før, vart det inngått avtale med vikarbyrå i dei travlaste sommarvekene. Erfaringa med bruken av vikarbyrå var god, men det er klart at det kostar å leie inn eksternt personale. Rekninga vart tilsammen på ca. kr. 4 596 000 for heimetenesta og sjukeheimen. Tenestene fekk tilført ekstra midlar for å dekkje opp for noko av desse kostnadene, og elles vart utgiftene mykje dekt av vikarbudsjettet. Tenestene måtte gjennom heile året gjere tøffe prioriteringar slik at ein sikra forsvarlige tenester innafor dei lovpålagede områda.

Utfordringa med fortsatt fråvær på legesenteret gjorde at ein også i 2024 måtte bruke vikarbyrå for å sikre ei forsvarleg drift gjennom heile året. Dette er ei svært kostbar løysing som ikkje er berekraftig på lengre sikt.

Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus er i periodar fortsatt ei utfordring. Talet på pasientar som har stått på venteliste for å få langtidsplass på sjukeheimen held seg stabilt på eit forholdsvis lågt nivå, men det blir opplevd som utfordrande. Presset på heimetenesta blir opplevd som høgt. Felles for tenestene er at dei bruker meir tid på utretning og saksbehandling, medan ressursane til dette ikkje har auka tilsvarande.

Nye brukarar med store behov og endring i brukargruppa bidrog også til auke i kostnadsnivået i fleire einingar.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp auka kraftig i forhold til 2023, og rekneskapen frå NAV syner eit stort meirforbruk i 2024.

Tenesteområde oppvekst

Året 2024

I 2022 braut den tragiske krigen i Ukraina ut 24. februar, noko som har gjort at Surnadal kommune har teke imot langt fleire flyktningar enn nokon gong tidlegare. Dette har gjeve mange einingar i heile kommunen nye eller auka oppgåver kring busettingsarbeid. I oppvekst er det særleg Vaksenopplæring og integrering, Øye og Solbakken barnehage og Surnadal barne- og ungdomsskule som har fått auka oppgåvene sine. Etterkvart har vi fått busetting også i grondene i auka grad slik at også Todalen og Stangvik oppvekstsenter har fått ei god del elevar frå Ukraina

Beredskapsarbeidet

I heile 2024 har vi hatt faste tverrfaglege koordineringsmøter på teams kring flyktningesituasjonen i Ukraina og busettingsarbeidet lokalt frå 15.03.22 til i dag. Dette går føre seg kvar måndag og her finn vi tillitsvalde, representantar frå dei mest aktuelle einingane og leiinga i kommunen.

Økonomi

Nesten alle einingane har hatt til dels store meirforbruk. Rammane har vorte utfordra av talet på flyktningar, sviktande foreldrebetaling i barnehage og skulefritidsordningar, auka sjukefråvær og meir vikarinnleige. I fleire av skulane har det vore eit aukande behov for ein- til ein – bemanning og tettare oppfølging enn tidlegare. Det har vore høgare sjukefråvær enn vanleg i enkelte einingar, og svært vanskeleg å få tak i vikarar. Lønnsoppgjøret var høgt og det vart auka kostnadar knytt til dette.

Det faktum at det no er gratis Sfo for 1. - 3. trinn har gjort at vi har fått fleire barn på SFO og behov for meir bemanning. I tillegg har redusert foreldrebetaling gjort sitt til at inntekta har gått vesentleg ned utan at dette er fullt ut kompensert for.

Størst er meirforbruket i Vaksenopplæring og Integrering. Det var budsjettet for 2024 med eit vesentleg nedtrekk frå 2023. Vi tok imot mindre flyktningar i 2024 enn vi gjorde i 2023 men vi klarte ikkje å skalere ned tenesta tilsvarande i tråd med budsjettet. I tillegg fekk vi mindre inntekter enn vi hadde budsjettet med.

KOSTRA

Når ein ser på kostnader pr. innbyggjar som kommunen har på barnehagetilbod og skuletilbod så ser vi at kommunen ligg litt over kommunar og grupper det er naturleg å samanlikne seg med. Dette kjem truleg av at vi har noko meir desentralisert skule/ og barnehagestruktur enn samanliknbare kommunar og like grupper i KOSTRA.

Når det gjeld prosentvis andel barn i barnehage i alderen 0 - 6 år i forhold til innbyggere så ligg Surnadal kommune på 71,2 %, medan talet for Møre og Romsdal og gruppe 11 (samanliknbare kommunar) er på henholdsvis 69,8 og 68,0.

Vi har over fleire år hatt litt for lite barnehageplassar i høve behovet. Vi fekk plass til alle barna som hadde krav på plass gjennom hovudopptaket men har veldig få plassar ledig til det løpende opptaket gjennom året.

Utviklingsarbeid

Saman med dei andre kommunane i Nettverk Nordmøre har barnehagane og skulane arbeidd med læringsløypa Språk og skriving, der Skrivesenteret ved NTNU har det faglege ansvaret. DMMH og NTNU bidreg med leiarveiledning og leiarutvikling. I løpet av 2024 fullførte vi tre år med god jobbing med språk og skriving. På oktober var alle våre einingar i oppvekst med på ei stor samling i regi Nettverk Nordmøre der fire av våre skular og barnehagar la fram noko av det vi har arbeidd med i læringsløypene. Der fekk vi òg sjå gode praksiseksemplar frå andre kommunar. Dette utviklingsarbeidet har etterkvart fått godt feste i oppvekst i Surnadal kommune. Det vert arbeidd godt med alle mellomarbeid og dei fleste einingane har verkeleg knekt koden i høve utviklingsarbeid. Dette kjem barna i skule og barnehage til gode og bringer oss i retning av målet om at alle barn og unge skal kunne leve og skape meiningsfulle liv

Frå august i 2024 fekk vi på plass eit vertskommunesamarbeid for PPT mellom Rindal, Sunndal, Tingvoll og Surnadal.

Gjennom pandemien, Gyda og no Ukrainakrigen, ser vi kor viktig gode barnehagar og skular er for barn og unge, som trygge sosiale møtestadar og læringsarenaer.

Busetting av flyktningar

Ved årets slutt i 2024 var det busett 55 flyktningar gjennom IMDI til Surnadal kommune. Det har i auka grad vore familiar som har kome frå Ukraina utover i 2024. Endringa i busetting av flyktningar frå einslege til barnefamiliar, har gjeve behov for meir ressursar og tilsette for styrka tenester til denne gruppa. Etter Opplæringslova er kommunen pliktig til å gjere enkeltvedtak om særskild norskopplæring og evt. morsmålsopplæring. I løpet 2024 tok vi imot 5 einslege mindreårige. Her har vi eit godt samarbeid med Nordmøre Folkehøgskule (NOFO) der fleire av dei einslege mindreårige har fått skuleplass og får ein fin start på tida i eit nytt land. Nofo har god erfaring med inkluderingsstenking uavhengig av kor elevane kjem frå.

Tenesteområde samfunn

2024 har vore eit utfordrande år på mange måtar. Fleire sentrale tilsette i ulike avdelingar har gått av med alderspensjon og nokre få har enten gått over til andre tenesteområde eller til ny arbeidsgjevar. Vi har i kvar enkelt tilfelle vurderte om det måtte tilsettast ein ny eller om ein kunne finne andre løysingar som gjorde at vi kunne oppretthalde eit godt tenestetilbod. Det har tidleg vore klart at det måtte både innsparingar og effektivisering til for å få drifta i balanse.

Leiargruppa i Samfunn består no av einingsleiarar teknisk, Olav Rønning, areal- og naturforvaltning Håvard Stensønes, kultur Lilli Husby, plansjef Råg Ranes og næringssjef Harald Bredesen og kommunalsjef Samfunn Karin Helen Halle. Vi har møte annakvar måndag etter kommunedirektøren sine leiarmøte, slik at viktig informasjon blir formidla og det kan formidlast vidare ut til einingane.

Etter valet hausten 2023 vart det vedteke ein ny politisk struktur, slik at det er to politiske utval med vedtaks mynde på saker: Hovudutval for Tenesteutvikling (HTU) med 11 medlemmer og Formannskapet med 9 medlemmer. Kommunalsjef Samfunn har det administrative ansvaret for HTU.

Målet vårt i tenesteområde Samfunn er å nytte kompetansen og kunnskapen vi har til saman til det beste for kommunen som organisasjon og for innbyggjarane i Surnadal. Vi er komme eit stykke på veg med å realisere gevinstar på denne samanslåinga, men potensialet er stort og det er fortsatt mykje å ta tak i.

Teknisk drift

Aktiviteten på teknisk drift har vore prega av flyktningesituasjonen i samband med krigen i Ukraina. Det er framleis svært arbeidskrevjande å skaffe til veie bustader og legge til rette for ein god bu situasjon. Etterslep på vedlikehald av kommunale vegar er stort (estimert til 68 mill.)og det er ei stor utfordring å halde drift og vedlikehald innafor budsjetttrammene.

Det har vore ombygging av kontorlokaler for Skatt og Nav i kommunehuset og ombygging vart ferdig til innflytting i februar 2025. Kommune har kjøpe 6 leiligheter i Svartvassbakken som no er under oppføring og er planlagt ferdigstilt våren 2025. Det er bygd om leilegheit på avlastninga på Øye og dette fortsetter med 2 buingar i 2025, dette blir da barneboliger med heildøgns bemanning. Idrettshallen har fått nytt inngangsparti og det er gjort ulike tiltak for stoppe lekkasjen i bakkant av bygget.

Sikring av tak på kommunehuset er ferdig , men sikringa av tak på omsorgsboliger er fortsatt under arbeid.

Det er i gang eit utvida brannsamarbeid med Trøndelag og det var til politisk handsaming i 2024.

Det vart i 2024 vidareføring av mange prosjekt for å sikre fleire vassverk god kvalitet i åra framover. Av desse prosjekta er det verdt å nemne ny overføringsleiding frå Prestelva vassverk til Kvanne som blir ferdig våren 2025.

Hovedplan for vann vart ferdig i 2024 og hovudplan for avløp er planlagt ferdig første halvår 2025.

Revisjonen har gjennomgått og laga rapport på bestilling av kontrollutvalget som skal opp til behandling i 2025.

Det vart tilsett ny leiande reinhaldar, May Kristin Bye Halgunset på slutten av året, og vi er no i gang med å sjå på frekvens på reinhald samt bruk av robotar som han underlete det tyngste arbeidet.

Areal - og naturforvaltning

Ansatte

Areal- og naturforvaltning har stabil arbeidskraft, og det er bygd opp meget god fagkompetanse på avdelinga. Avdelinga har i 2024 ansatt ny byggesaksbehandlar, og fått utvida kapasiteten på plansaker. Avdelinga har ansatte med sterk fagleg utdanning, lang erfaring og dermed god kompetanse for å yte dei tenestene vi er pålagt. For å oppretthalde kvaliteten på saksbehandling og tenesteutvikling er det avgjerande å behalde og vidareutvikle kompetansen. I og med at vi er så få ansatte og det er lite fagleg overlapping, er vi sårbar, til dømes ved langtids sjukmeldingar.

Landbruk

Jordbruk: Avdelinga forvaltar ei rekke tilskotsordningar: produksjonstilskot og avløysartilskot, tiltak i beiteområde, spesielle miljøtiltak i landbruket(SMIL), drenering/grøfting, landbruksfond, regionalt

Årsmelding 2024

miljøprogram, tilskot ved produksjonssvikt, organisert beitebruk, tilskot til avløsing ved sjukdom mv. Kommunen har det administrative ansvaret for veterinærvaktsordninga. Tilrettelegging av nye bustadfelt og reguleringsplanar for leilegheitsbygg har vore viktige planoppgaver. Særleg arbeidet med Øygardslia/Vollan har vore tidkrevjande både med befaling og oppfølging til Statsforvalter og departement.

Næring

Hoppid.no: Det vart etablert 47 nye verksemder i Surnadal i 2024. Ca. halvparten av disse har vore i kontakt eller innom hoppid.no-kontoret. Av disse har igjen 10 mottatt hoppid.no-støtte, totalt kr.260.000,-. Kr.117.000,- av dette beløpet er løyvd frå Møre og Romsdal fylke.

Næringsfond: Det er behandla 37 næringsfondssaker, total løyvd 2,1mill. kroner.

I tillegg har kommunestyret vedtatt 8 fastsette saker/område som næringsfondet skal nyttast til, totalt 4,5 mill. kroner. Samla bruk av næringsfond i 2024 blir da 6,6mill. kroner.

Landbruksfond: Landbruksfondet på kr.500.000 er ein del av næringsfondet. Fondets midlar er fordelt på 15 jordbruksfaser og 4 skogbruksfaser, og er utnytta fullt ut.

Ørafond: Ørafondet på kr.200.000 er ein del av næringsfondet. Fondets midlar er fordelt på 4 saker, der alle 4 er bryggehus som står i fare for å ramle på sjøen grunna øydelagde stolper.

Løyvesaker: Handsaming av serveringsløyve, sals- og skjenkeløyve alkohol, salsløyve tobakk. Innhenting av salstal på mengde alkohol frå 20 alkoholløyver samt inndriving av avgift. Handsaming av 27 saker ved skjenking ved enkelt høve.

Næringstomter: I 2024 blei det forhandla fram 3 sal av næringstomter med eit totalt salsbeløp på 1,2 millionar kroner

Ungdomsråd: Næringsavdelinga er administrativ ressurs og sakshandsaming for ungdomsrådet. Det har i løpet av året vore 9 møter og vore behandla 9 vedtakssaker. Ungdomsrådet har hovudsakleg orienteringssaker og drøftingssaker.

Rekruttering: tiltak ovanfor flyktningar saman med NAV, Nordmørs-tiltak saman med KNN. Karrieredag

Reiseliv: sykkeltrase-tiltak, vinterbelysning, blomster i sentrum, nye info-skilt, Surnadal-magasinet,

Landbruk: Landbrukskonferanse - planlegging og gjennomføring den 7.november saman med Sparebank 1 Nordmøre. Prosjektet «Garden som ressurs» - gjennomført 3 nettverkstreff.

Dialog med næringsaktørane: Bedriftsbesøk, utsending av div. info, frokostmøter,

Breibansfinansiering: Medfinansiering av utbygging i Bæverdalen og Bølandet-Hamnes

Kultur

Kultur som ein av våre minste eininger har stor aktivitet, og godt samarbeid med frivillige, som er heilt avgjerande for å få til eit så høgt aktivitetsnivå. Samarbeidet med hotellet går godt, men ein klarar ikkje å fylle avtalen når bemanninga er redusert og vakante stillingar ikkje blir erstatta. Dette har og ført til at ein må ta inn på drifta og samarbeidsavtalen med hotellet blir satt under press og skal reforhandlast i 2025.

Bygdebok nr 6 er under arbeid og forventast å bli feridig første halvår 2025.

Andre oppgåver som var under arbeid i 2024:

- Folkehelse og kulturminne
 - Arbeide med tiltak frå kulturmiljøplanen – pågåande/vidareførast
- Planarbeid
 - Oppstart plan for friluftslivets ferdelsårer – pågåande
 - Ferdigstilling av Veteranplanen – ferdigstilt
- Prosjektarbeid
 - Sanitæranlegg for Kavlvegen kultursti på Åsen - pågående
 - Forprosjekt "Med kulturhuset inn i framtida" - Har arbeidd med kartlegging; behov/div. tilstandsrapportar. Vi samarbeider med arkitektane som teikna huset og vi ser på romdisponeringsplan og forskjellige løysingar om huset skal drivast utan samarbeidsavtalen.

Årsmelding 2024

- I 2024 fekk vi tilskot frå Sparebankstiftelsen Surnadal sparebank og Sparebank1-Nordmøre til innkjøp av nytt AV-anlegg i Storstuå, noko som er teke vel imot av både næringsliv, foredragshaldarar og kulturaktørar.
- Vi har òg fått tilskot frå ordninga ARENA i kulturdirektoratet, for å utarbeide akustikk-måling og rapport i Storstuå.
- Barn og unge
 - Arbeide med å få til ein god prosess for medverknad og tverrfagleg samarbeid innanfor barne og ungdomsgruppa, – jfr. avtale om ung kultur med fylket. - Pågåande - kort statusrapport frå 2024;
 - Midlar frå BUF dir.; Inkluderingstiltak for barn og unge i Surnadal.
 - Vi arbeidde godt med barne og ungdomsarbeidet på våren i 2024, og vi inngjekk avtale med organisasjonen ALLEMED. Først på april hadde vi ein ALLEMED dugnad der vi samla frivilligheita, politikarar, leiing frå oppvekst, helse, samfunnsutvikling og oss som arbeider med ungdomssatsinga. Vi var om lag 60 deltakrar som vart leia (gjennom dei tre timane seansen tok), av ein ALLEMED medarbeidar. Vi hadde eit oppfølgingsmøte med frivilligheita i byrjinga av november.
 - Samla sett så har vi i 2024 gitt eit tilbod til 450 barn og unge.

Plan

Etter ei lettare rullering vart Heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2024 og Overordna beredskapsplan 2024 forankra i kommunestyret i februar. I det same møtet vart kommunal planstrategi vedteke. I planstrategien inngjekk også planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel.

Høyringsforslaget til ny samfunnsdel vart lagt ut på høyring etter vedtak i kommunestyret i juni og var oppe til endeleg vedtak i september. Samfunnsdelen med sine mål og strategiar vart lagt til grunn for arbeidet med budsjettet.

Vi hadde eit tilsyn med kommunal beredskapsplikt 02.05.24. Det vart meldt inn eitt avvik med omsyn til prioritering av tiltak. Prioritering er gjennomført og tilsyn er lukke. Tiltak er lagt inn i Framsikt. Kommunestyret har vedtok oppstart Boligpolitisk plan i desember.

Økonomirapportering drift

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr 2024
Frie disponible inntekter					
Rammetilskot	-240 977	-267 904	-267 904	-263 906	-3 998
Inntekt- og formuesskatt	-175 625	-183 953	-183 953	-179 413	-4 540
Eigedomsskatt	-38 002	-35 800	-35 800	-36 893	1 093
Andre generelle driftsinntekter	-71 876	-64 635	-64 635	-69 233	4 598
Sum Frie disponible inntekter	-526 480	-552 292	-552 292	-549 444	-2 848

Årsmelding 2024

Surnadal kommune mottok i 2024 statlege overføringer, rammetilskot og inntekt - og formuesskatt på til sammen kr. 443 319 mill. Av dette er kr. 7,3 mill naturressursskatt som blir bokført slik at den kjem fram under andre generelle driftsinntekter.

På eigedomsskatt blei inntekta omlag kr 1,1 mill høgare enn budsjettet, og auken kjem frå auka inntekt frå næringseigedomar (inklusiv kraftlinjer) på omlag kr. 750 00 og frå bustader og fritidsbustader på omlag kr. 350 000.

I posten andre generelle driftsinntekter ligg integreringstilskott, inntekt på konsesjonsavgift og inntekt på naturressursskatt.

Tilsaman ble dei frie inntektene i 2024 omlag kr 2,8 mill lågare enn budsjettet.

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap	Opph. budsjett 2024	Budsjett	Rekneskap	Avvik i kr
	2023		2024	2024	
	2024				
Sentraladministrasjonen	34 009	32 011	31 211	37 217	-6 006
Kultur	6 914	7 040	7 040	7 700	-660
Politisk verksemrd	5 291	3 281	3 281	5 128	-1 847
Nettverk Nordmøre	0	0	0	0	0
Midtigrenda barnehage	12 519	12 012	11 971	12 574	-603
Øye og Solbakken barnehage	19 679	19 806	19 749	22 759	-3 009
Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter	10 589	11 083	10 971	11 730	-759
Mo oppvekstsenter	9 094	9 273	9 231	10 184	-953
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	19 207	20 078	19 981	21 494	-1 514
Vaksenopplæring og integrering	34 708	19 359	19 359	31 502	-12 143
Surnadal barne- og ungdomsskule	65 565	72 087	71 486	73 970	-2 483
Helse og familie	44 966	31 174	31 174	38 250	-7 076
Sjukeheimen	59 927	66 080	67 080	68 137	-1 057
Bu og aktivitetstenesta	56 442	60 115	60 115	66 343	-6 228
Heimetenesta	41 333	45 202	46 202	45 987	215
NAV Indre Nordmøre	10 749	7 846	11 496	16 867	-5 371
Teknisk drift - VARF	-6 327	-3 310	-4 610	-9 953	5 343
Areal- og naturforvaltning	7 426	7 931	7 931	8 089	-157
Teknisk drift	49 349	40 841	40 241	47 874	-7 633
Sentrale inntekter/utgifter	0	0	0	56	-56
Sal av konsesjonskraft	-12 082	-16 850	-17 850	-18 281	431
Tilskot	14 164	14 478	14 478	14 857	-379
Fordeling pensjon og fellesstenester	-16 808	-4 863	-4 863	-13 345	8 482
PPT Indre Nordmøre	3 282	3 616	3 616	3 555	61
Surnadal og Rindal kulturskule	3 256	3 656	3 656	2 941	715
Kyrkjeleg fellesråd	6 258	6 671	6 671	6 671	0
Indre nordmøre barnevernstjeneste	47 917	52 493	52 493	48 367	4 126
Indre Nordmøre barnevernstjeneste avd. Surnadal	13 842	14 000	14 000	11 934	2 066
SU-SU NÆRINGSSAMARBEIDE SUNNDAL/SURNADAL	0	0	0	0	0
Totalsum	493 351	482 617	483 617	524 239	-40 622

Tilsaman brukte tenesteområda i Surnadal kommune kr 40 622 mill meir enn budsjettet. Du kan lese meir om dette under kvar tenesteområde under meny punktet "kommunen sine tenesteområde".

Årsmelding 2024

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr 2024
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-5 223	-2 000	-7 000	-7 410	410
Ubytte	-7 330	-7 000	-7 000	-6 458	-542
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddele	-670	-500	-500	-760	260
Renteutgifter	26 303	38 850	38 850	36 670	2 180
Avdrag på lån	26 714	32 300	32 300	31 087	1 213
Sum Finansinntekter/-utgifter	39 793	61 650	56 650	53 129	3 521

Renteinntektene er på kr. 7,4 millionar, noko som er kr. 5,4 mill meir enn opprinneleg budsjett. Surnadal kommune nyter framleis godt av at ein inngjekk ny bankavtale på eit gunstig tidspunkt når det gjaldt innskotsrente.

Utbetaling av aksjeutbytte vart litt lågare enn budsjettet, dette gjeld utbytte frå Svorka. Men vi fekk ei høgare utbetaling frå Remidt Næring som kompenserer noko av nedgangen. Vi har også nokre finansielle omløpsmidlar som har gjeve god avkastning i fleire år, og dette blei bedre enn budsjettet for 2024.

Rentekostnadane har auka vesentleg dei siste åra, delvis på grunn av store investeringar kombinert med auke renter. Samla auka rentekostnadane med omlag kr. 10,4 mill frå 2023 til 2024 og kr.13 mill. frå 2022 til 2023. Tilsaman har altså rentekostnadene auka med 23,4 mill dei siste to åra.

Avdrag på lån vart noko lågare enn budsjettet, og tilsaman vart summen av finansinntekt - og utgifter omlag kr 3,5 mill lågare enn budsjettet.

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-240 977	-263 906	-267 904	-267 904
Inntekt- og formuesskatt	-175 625	-179 413	-183 953	-183 953
Eigedomsskatt	-38 002	-36 893	-35 800	-35 800
Andre generelle driftsinntekter	-71 876	-69 233	-64 635	-64 635
Sum Sum generelle driftsinntekter	-526 480	-549 444	-552 292	-552 292
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-5 337	-7 606	-2 000	-7 000
Ubytte	-7 330	-6 458	-7 000	-7 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddele	-670	-760	-500	-500
Renteutgifter	26 425	36 840	38 851	38 851
Avdrag på lån	26 714	31 087	32 300	32 300
Sum Netto finansutgifter	39 801	53 102	61 651	56 651
Sum sentrale inntekter og finansposter	-486 680	-496 343	-490 641	-495 641
Tenesteområda - drift	496 249	531 373	488 344	489 344
Netto driftsresultat	9 569	35 031	-2 298	-6 298
Sum driftsinntekter	-766 488	-803 015	-762 051	-765 752

Årsmelding 2024

	Rekneskap i fjor	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud. bud.
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-1,2 %	-4,4 %	0,3 %	0,8 %
<i>Beløp i 1000</i>				
	Rekneskap i fjor	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud. bud.
Avsettingar til bundne driftsfond	11 714	9 782	7 415	7 415
Avsettingar til disposisjonsfond	0	0	1 126	5 126
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-13 409	-16 169	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	-4 969	-2 986	-515	-515
Avsetninger til disposisjonsfond	0	-790	0	0
Netto avsetninger - sentrale poster	-6 664	-10 163	8 026	12 026
Avsetninger til bundne driftsfond	4 969	2 986	515	515
Avsetninger til disposisjonsfond	0	790	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-7 874	-11 882	-6 243	-6 243
Bruk av disposisjonsfond	0	-1	0	0
Overføring til investering	0	1 000	0	0
Netto avsetninger i tenesteområda	-2 905	-7 107	-5 728	-5 728
Sum sentrale inntekter og finansposter	-9 569	-17 270	2 298	6 298

Denne tabellen viser eit overordna bilde av kommunen sentrale driftsinntekter - og driftsutgifter. Dei same tabellane finn du under meny punktet "Årsrekneskap" og løyvingsoversiktene §5-4.1 og §5-4.2.

Tilsamen viser oversikta at vi har **avsett** omlag kr. 9,8 mill til bundne driftsfond. Den største posten her er avsetning av konsesjonsavgifta til næringsfond, avsetning til sjølkostfond, overføring av milder frå Sunndal kommune i forbindelse med det nye samarbeidet på PPT.

Det er **bruka** omlag kr. 11,9 mill av dei bundne driftsfonda. Dette omhandlar bruk av næringsfondet (bl.a tilskot Surnadal fotballhall, tilskot Surnadal Alpinsenter, tilskot Todalsfjordprosjektet, Visit Nordvest, administrering av næringsfondet. En anna stor post er bruk av kompetansemidlar knytt til opplæring av helseplattformen.


Vi har bruka heile disposisjonsfondet på tilsaman kr. 21,295 mill (sum avsett frå tidligare år og avsett i budsjett). Dette var ikkje nok for å dekke det negative netto driftsresultatet på kr. 35 mill. Dermed har vi eit framført meirforbruk på kr. 17,8 mill som må dekkast inn fram i tid.

KOSTRA hovudtall

	Surnadal 2023	Surnadal 2024	Sunndal	Rindal	Oppdal	Orkland	Gjemnes	Kostragruppe 01
Økonomi								
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,7 %	-4,0 %	-1,9 %	3,6 %	-0,1 %	2,0 %	2,7 %	-1,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	113 320	121 999	94 210	89 237	60 698	117 162	83 544	103 279
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	85,4 %	87,8 %	64,9 %	61,8 %	48,2 %	98,9 %	61,7 %	91,4 %

Foreløpige KOSTRA tal for 2024 ligg til grunn i tabellane.

Oversikt moglegheit for i



Kostragruppe 01

Grunnskole	24.3
Pleie og omsorg	16.4
Barnevern	-5.8
Barnehage	6.4
Kommunehelse	2.5
Sosiale tjenester	12.4
Kultur og idrett	5.2
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	2.0
Adm, styring og fellesutgifter	4.3
Andre område	-8.4
Totalt	59.4

Årsmelding 2024

Årsmelding 2024

Kva ligg til grunn for å være med i KOSTRA - gruppe 1:

KOSTRA-gruppe	Folkemengde	Bunde kostnader	Frie disponibele inntekter (Korrigerte inntekter)	Antall kommuner
01	2 000 - 9 999	Lave	Lave	39 (40 fra 2024)

Kvafor kommunar ligg i KOSTRA - gruppe 1:

Årsmelding 2024

KOSTRA - kommunegruppering 2020	Kommuneinndeling 2024
EKG01 - KOSTRA-gruppe 1	<p>1160 - Vindafjord 1515 - Herøy (Møre og Romsdal) 1516 - Ulstein 1517 - Hareid 1525 - Stranda 1528 - Sykkylven 1531 - Sula 1532 - Giske 1539 - Rauma 1554 - Averøy 1566 - Surnadal 1580 - Haram 3112 - Råde 3114 - Våler (Østfold) 3116 - Skiptvet 3120 - Rakkestad 3122 - Marker 3230 - Gjerdrum 3234 - Lunner 3236 - Jevnaker 3310 - Hole 3412 - Løten 3414 - Nord-Odal 3415 - Sør-Odal 3417 - Grue 3418 - Åsnes 3441 - Gausdal 3448 - Nordre Land 4201 - Risør 4206 - Farsund 4213 - Tvedstrand 4214 - Froland 4216 - Birkenes 4612 - Sveio 4630 - Østerøy 4651 - Stryn 5027 - Midtre Gauldal 5029 - Skaun 5053 - Inderøy 5526 - Sørreisa </p>

Investeringar

Prosjekt		Rekneskap	Revideret	Opprinnelig	Avvik i NOK	Kommentar
2024	budsjett	Budsjett				
	SUM ALLE	106 545 919	117 793 000	153 893 000	-11 247 082	
0	KLP egenkapitalinnskot	1 830 138	1 900 000	1 900 000	-69 862	

Årsmelding 2024

0	Aksjekjøp	1 000 000	0	0	1 000 000	Gjeld Surnadal alpincenter AS
100	Bilkjøp	2 430 986	2 000 000	1 100 000	430 986	Ferdigstilling av tankbil til brannvesenet. Erstatte bil på teknisk drift.
117	IKT - Orkidé	683 055	983 000	983 000	-299 945	Gjennomført som planlagt
153	KULTURHUSET 2027 - Oppgradering teknisk anlegg	619 719	500 000	500 000	119 719	Gjennomført som planlagt - fortset i 2025
167	IKT- LOKALT DIGITALISERINGSPROSJEKT	265 154	1 500 000	1 500 000	-1 234 846	Gjennomført som planlagt
173	Nytt elektronisk låssystem - kommunale bygg	646 500	600 000	600 000	46 500	Gjennomført som planlagt
174	Aggregat - til beredskap	0	150 000	150 000	-150 000	Kontrakt skrevet
208	BØFJORDEN SKULE - Oppgradering brannsikkerhet	0	500 000	500 000	-500 000	Ikkje gjennomført som planlagt
217	UTEOMRÅDE SUBUS	98 375	180 000	180 000	-81 625	Igangstarta - fortset i 2025
237	PARKERING OG TRAFIKKSIKKERHET - TOSTOP	335 790	400 000	0	-64 210	Gjennomført som planlagt
249	GJENBRUK AV 97-BYGGET VED ØYE BARNESKULE	1 897 655	1 900 000	0	-2 345	Gjennomført som planlagt
252	Oppgradering Surnadal Idrettshall	6 664 301	9 000 000	9 000 000	-2 335 699	Gjennomført som planlagt
256	BÆVERFJORD OPPVEKSTSENTER - Oppgradering	41 250	500 000	500 000	-458 750	Ikkje gjennomført som planlagt
257	MO OPPVEKSTSENTER - Nytt låssystem	0	0	150 000	0	Ikkje gjennomført som planlagt -

Årsmelding 2024

						flytta fram i tid
308	Nytt ventilasjonsaggregat Omsorgsbustadar (Bårdshaugvegen 35)	234 790	200 000	0	34 790	Havari på aggregat
322	HELSEHUS	3 376 300	3 000 000	3 000 000	376 300	Prosjektmidler
333	HELSEPLATTFORMEN	17 207 376	12 430 000	12 430 000	4 777 376	Auka kostnader pga auka løns-og prisvekst.
334	NYTT KJØLEANLEGG HOVEDKJØKKEN	491 063	500 000	500 000	-8 938	Gjennomført som planlagt
339	Ombygging/Tilpasning Røssmovegen 4C	1 845 084	2 000 000	0	-154 916	Gjennomført som planlagt
340	Ombygging til Barneavlastning Øye	1 483 770	1 200 000	0	283 770	Gjennomført som planlagt
341	Barneavlastning Øye - Utstyr og Inventar	146 311	150 000	0	-3 689	Gjennomført som planlagt
342	ROP - Boliger	310 869	0	7 500 000	310 869	Er i gang med kontroll av grunnforhold på aktuell tomt. Fortset i 2025
404	ENØKTILTAK og OPPRUSTNING - kommunale bygg	2 339 678	3 000 000	3 000 000	-660 322	Løpende
405	DIGITALE KART	150 685	200 000	200 000	-49 315	Gjennomført som planlagt
409	OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	6 239 656	6 300 000	6 000 000	-60 344	Gjennomført som planlagt
425	KOMMUNEHUS - Ombygging 1. etg Familiens Hus	13 663	400 000	400 000	-386 337	Oppstart i 2024 fortset i 2025
428	SENTRUMSUTVIKLING	0	0	2 000 000	0	Ikke gjennomført som planlagt, lagt inn som

Årsmelding 2024

						eit oppdrag i 2025.
451	FAUSKÅA VASSVERK	1 774 122	1 820 000	2 000 000	-45 878	Løpende
452	SÆTERBØ VASSVERK	160 168	1 750 000	1 750 000	-1 589 832	Løpende
460	BJØRÅA VASSVERK	48 461	1 000 000	3 000 000	-951 539	Løpende
467	KVANNE OG PRESTELVA VASSVERK	5 359 321	6 000 000	5 500 000	-640 679	Gjennomført som planlagt
468	VENTILKAMMER MIDTIGRENDA (Fauskåa distr)	198 554	180 000	0	18 554	Løpende
482	RØTET INDUSTRITOMTER	29 012	0	0	29 012	Restbeløp frå tidligare år
483	KJØP AV BUSTADER	3 076 170	3 100 000	3 100 000	-23 830	Gjennomført som planlagt
484	ELDRE BYGGEFELT	0	0	2 000 000	0	Ikkje gjennomført som planlagt, blir ikkje prioritert i 2025
492	GATELYS LED	999 139	1 000 000	1 500 000	-861	Gjennomført som planlagt
494	NORDVIK BYGGEFELT	86 500	0	0	86 500	
499	INFRASTRUKTUR INDUSTRIOMRÅDE RØTET 2018	668 706	800 000	0	-131 294	Gjeld kostnader knytt til Trafostasjon som kom seint frå leverandør
512	BRUER	5 588 442	5 700 000	11 000 000	-111 558	Gjennomført som planlagt.
513	GATELYS ELDRE BUSTADFELT	22 483	0	0	22 483	Må sjåast mot prosjekt 409

Årsmelding 2024

515	TROMYRHUAAN II - Stangvika	0	0	1 500 000	0	Ikkje gjennomført som planlagt og blir ikkje prioritert i 2025
526	KAVLVEGEN KULTURSTI	72 815	-3 000 000	-3 000 000	3 072 815	Tippemidler mottatt, kjem under inntekt i skjema §5-5.1.ledd
529	SOLLIA VASSVERK	116 543	150 000	500 000	-33 457	Løpende
530	BRANNTEKNISK OPPGRADERING KOMMUNALE BYGG	3 253 524	4 000 000	5 000 000	-746 476	Løpende
531	OMBYGGING KOMMUNEHUSET - Samordning Statsetater	15 495 987	17 000 000	10 000 000	-1 504 013	Blir ferdigsstilt i 2025
532	OPPARBEIDING AV NÆRINGSAREAL I RØTET	0	2 000 000	3 500 000	-2 000 000	Ikkje gjennomført som planlagt - kjem som eit oppdrag i 2025
537	Utskifting av AAS	1 116 431	1 350 000	1 000 000	-233 569	Løpende
541	Ny veg - Industrivegen - Syltøran stadion	16 826 573	18 000 000	11 000 000	-1 173 427	Gjennomført som planlagt
545	HWC OG DÅPSROM - Ranes Kyrkje	50 000	0	0	50 000	Restbeløp frå tidligare år
546	ÅSSYSTEM VA - alle pumpestasjonar	127 432	0	250 000	127 432	Må sjåast mot dei andre prosjekta under vann og avløp
547	HØGDEBASSENG GALTMETTET	187 365	5 500 000	20 500 000	-5 312 635	Oppstart i 2024 fortset i 2025
548	SILANLEGGET - Utskifting og oppgradering	26 621	500 000	500 000	-473 379	Løpende

Årsmelding 2024

550	DRONE	46 694	50 000	0	-3 306	Restbeløp frå tidligare år
551	MINNELUND - Mo og Todalen Kyrkjegard	127 500	100 000	100 000	27 500	Gjennomført som planlagt
552	KAVLVEGEN / ÅSEN BYGDEMUSEUM - WC / Toalettanlegg	112 688	550 000	550 000	-437 312	Oppstart i 2024 fortset i 2025
553	EL-ANLEGG KYRKJENE	197 500	200 000	200 000	-2 500	Gjennomført som planlagt
554	KYRKJETÅRN - Todalen Kyrkje	425 000	550 000	550 000	-125 000	Gjennomført som planlagt
555	GATELYS SURNADALSØRA	0	0	500 000	0	Ikkje gjennomført som planlagt, ikkje prioritert i 2025
556	SVARTVASSBAKKAN - Utleigebustadar	0	0	19 300 000	0	Overflytta til 2025

Status investering og finansiering

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph.	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2023	bud. 2024	2024	2024	
Investeringar i varige driftsmidlar	100 181	151 143	102 916	115 043	12 127
Tilskot til andre sine investeringar	3 150	850	800	850	50
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	6 553	1 900	2 830	1 900	-930
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	109 884	153 893	106 546	117 793	11 247
Kompensasjon for meirverdiavgift	-12 531	-12 151	-15 218	-14 205	1 013
Tilskot frå andre	-962	0	-3 912	0	3 912
Sal av varige driftmiddel	-4 266	-2 400	-1 654	-2 400	-746
Sal av finansielle anleggsmiddel	-4 900	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-87 324	-139 342	-84 586	-101 188	-16 602
Sum investeringsinntekter	-109 984	-153 893	-105 370	-117 793	-12 423
Vidareutlån	5 086	5 000	12 856	10 000	-2 856
Bruk av lån til vidareutlån	-5 086	-5 000	-10 000	-10 000	0
Avdrag på lån til vidareutlån	2 600	4 000	2 554	4 000	1 446
Mottatte avdrag på vidareutlån	-3 046	-4 000	-3 972	-4 000	-28
Netto utgifter vidareutlån	-446	0	1 438	0	-1 438
Overføring frå drift	0	0	-1 000	0	1 000
Avsettingar til bundne investeringsfond	446	0	1 418	0	-1 418
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	-2 856	0	2 856

Årsmelding 2024

	Rekneskap 2023	Opp. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Avsetningar til ubunde investeringsfond	4 900	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-4 800	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	546	0	-2 438	0	2 438
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	176	0	-176

Oppfølging handlingsregler

Finansielle måltal med handlingsreglar

-Tapte inntekter: Vi fekk ikkje lagt inn dette i budsjettet vårt for 2024, då det vart bestemt ei lågare brukarbetaling frå medio august.

-Ekstra lønnsutgifter/vikarutgifter: Barn med særskilte behov. Ila. hausten-24 endra tiltaka seg kring barn som gjorde at vi måtte oppbemannne personale kring barna. Vi fekk også overført barn frå anna barnehage, som gjorde at tiltak som allereie var i gong måtte vidareførast, m.a. språkassistent.

-Noko meirforbruk på enkelte poster, m.a. matvarer (matvareprisen auka),

IKT-tiltak (m.a måtte vi kjøpe inn nye pc'er og ny skrivar) og vedlikehaldsarbeid inne og ute.

-Vi skal følge den lovpålagte bemannings -og pedagognormen, og i tillegg gje alle barnehagelærarar ubunden arbeidstid, noko som har gjort at vi i perioder har satt inn ekstra bemanning for å få gjennomført dette. Vi var pr. 3.tertial

8 barnehagelærer pga. lovpålagt pedagog-norm ut ifrå antal barn i bhg.

Alt i alt vart dette ekstra belastning på budsjettet, sjølv om vi fekk inn ein del refusjon på sjukepenger. Meirforbruket som vi kom ut med, vart stipulert allereie ved 3.tertial.

Øye og Solbakken barnehage

Aktivitet

Øye og Solbakken barnehagar er inne i sitt sjunde år i Nettverk Nordmøre sitt utviklingsarbeid. 2024 var siste året av totalt 3 år i læringsløypearbeidet med tema språk og skriv. Det er mykje godt arbeid nedlagt i dette arbeidet, og vi har ymse kompetanse vi tek med oss i vidare arbeid i barnehagane. Vi ser spor av utvikling på alle avdelingar både i innreiing, pedagogisk arbeid og måtar å tenkje på, og i borna sin leik. Frå nytt år er det nytt tema, matematikk, som vi skal halde på med i 3 år.

Gjennom året har vi mange ulike aktivitetar og prosjekt. I starten av året har alle avdelingar ein periode der dei fordjupar seg i eit tema. Kvart år finn dei tema i lag med ungane, ut i frå barna sine ynskje og initiativ. Mange av avdelingane har eventyr som eit utgangspunkt, og så flettar dei inn ulike aktivitetar i dette. Same tema over lengre tid gjev barna ein felles ståstad, som gjer det lettare i til dømes rolleleiken. Vi ser dette som ekstra viktig no som vi er inne i ei tid der barnekulturen er i endring. Vi har ungar frå ulike land og kulturar i tillegg til at det ikkje lengre er slik at alle born ser på same barne-tv eller les dei same bøkene. Dette gjer at vi må sørge for å gje ungane felles opplevelingar i barnehagen som dei kan leike ut ifrå og ha samtalar om.

Vi har hatt mange arrangement som er tradisjonar, både med og utan inviterte. Besteforeldrekaffe er vel den aktiviteten med størst oppmøte. Dette er eit triveleg treff med kaffe og kaker der vi inviterer besteforeldre eller andre som ungane ynskjer å invitere. Sommarfest og hentegløgg er også trivelege arrangement som foreldra blir invitert på. Av eigne arrangement for borna er karneval, barnehagedag, 17.mai, nissefest og lysmesse verdt å nevne. Nokre arrangement er for alle, og nokre er for aldersinndelte grupper.

Sist men ikkje minst så må vi trekkje fram hovudaktiviteten i barnehagen, leiken. Vi har arbeidd mykje med å leggje til rette for gode leikemogleheter på alle avdelingar. Der går det på innredning og inndeling av rom, plassering av utstyr for ulike rolleleikar. Det å arbeide godt på systemnivå i barnehagen har stor innverknad på leiken. Tid til å leike, rom å leike på, klar struktur i kvardagen slik at ein veit når ein kan leike og tid til å avslutte leik før samlingstund eller måltid. Alt dette er med på å trygge borna og gje dei gode rammer i kvardagen.

Arbeid på systemnivå er óg i fokus når vi no er i gang med inkluderande team, som er eit samarbeid med PPT. I systemnivå ligg organisering av dagen, dagsrytme og aktivitetar, men også innreiing og organisering av grupper med barn og aktivitetar. Utnytting av rom, bruk av bilete, deling i grupper. Alt dette er eit viktig arbeid for å få trygge ungar, førebygge at born fell utanfor, og det er med på å gjøre kvardagen lettare for alle born, inkludert dei som har anna morsmål, treng ekstra oppfølging, er usikre i store grupper mv. Vi legg vekt på å drive godt førebyggande og tryggande arbeid for å ruste barna for framtida. Dette kan også ha stor økonomisk betydning, fordi ein kan førebygge skulevegring eller utfordringar med læring om det vert fanga opp tidleg.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
Barnehagar	19 312	21 849	19 806	19 749	-2 100	-10,6 %
Styrkt barnehagetilbod	367	910	0	0	-910	0,0 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
Sum	19 679	22 759	19 806	19 749	-3 009	-15,2 %

Kommentar til status økonomi

Det er totalt eit avvik på 3 millionar.

1,8 millionar skuldast ei underbudsjettering, det vil seie at det er 1,8 millionar som manglar i ramma for 2024

Det meste av resterande avvik (1,2 mill) er på lønsbudsjett.

Vi har eit overforbruk på vikarbudsjett på 300 000. Barnehagelova har fastsett ei norm for bemanninga i barnehagar, som gjeld for heile barnehagen totalt. Vi vurderer alltid totalen før vi sett inn vikar, dvs totalt antal born og vaksne, og ser det heile opp mot forsvarleg drift. I forsvarleg-vurderinga må vi ta med sårbarheiter i barnegruppa så som born med behov for ekstra oppfølging, og vi må alltid hugse at vi er ein del av dei førebyggande tenestene som skal danne godt grunnlag for vidare liv og skulegang.

Vi har hatt ein lærling meir enn budsjettet heile året. Vi har og måtte auke bemanninga under vefs i året, grunna born med vedtak om spesial-pedagogisk hjelp. (totalt 700 000)

Vi har eit overforbruk på forbruksmateriale og på inventar og utstyr. I forbruksmateriale ligg det mykje utstyr som vi nyttar av hygienehensyn (hanskar, klutar, stellebenkunderlag mv) Vi har etablert ei ekstra avdeling i samarbeid med avlastninga, som ikkje var lagt inn i budsjett for 2024. Her vart det ein del utgifter på inventar og utstyr.

Avvik på inntekt brukar-betaling på 733 000 skuldast endra satsar for foreldrebetaling frå august av i tillegg til ei litt for høg gjennomsnittsberekning ved budsjettering

Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter

Aktivitet

Som eit ledd i å få fram elevstemma, har eininga denne gongen utfordra elevane til å svare på kva "kjekke" aktivitetar eininga har hatt i kalenderåret 2024.

På grunn av kort rapporteringsfrist, er det berre elevane ved skulen som har svara denne gongen. Neste år må barnestemma frå barnehagane tydelegare med i beskrivinga.

Eininga driv mykje godt arbeid og er flinke til å nytte seg av nærområdet i ulike tverrfaglege prosjekt. Elevane har komme med mange eksempel på ulike aktivitetar. Mange av aktivitetane er i nærområdet, noko som ikkje utløser ekstra kostnad, andre aktivitetar kan skje litt lengre unna med behov for skyss. Da løysast dette på best mulig måte for å halde kostnadane så låge som det let seg gjere. Det kan eksempelvis være at transporten blir løyst med bruk av privatbilar, gjerne med hjelp frå foreldre.

Etter at elevane var ferdig med å nemne aktivitetar, blei alle aktivitetane ramsa opp. Elevane var samstemte i at eininga bidreg med mykje gode og variert aktivitet på alle trinna.

Årsmelding 2024

Det er ikkje noko mål å skrive om alle aktivitetane, heller vise bredda i tilbodet elevane får ved eininga. Her er nokre av aktivitetane som har vore det siste året ved eininga:



Strikkecafe

Her fekk elevane invitere nære som t.d. mødre eller besteforeldre eller andre nære kjente. Oppmøte var

Årsmelding 2024

veldig bra og tydeleg trivsel.

Mødre og besteforeldre var med å hjelpte elevane, også andre enn “sine”. Besøket viste stor takksemd på å bli invitert. Eininga opplevde også å få hjelp med service på alle symaskinene, noko som var til stor hjelp, og ei oppgradering vi ikkje hadde teke oss råd til elles. Elevane serverte eigenprodusert mat med drikke til. Dette er å sjå på som ein fin aktivitet for å styrke tilhøyrslle og samarbeid mellom skulen og heimane.

Svømming/bading ved stranda nedanfor Einholmen hyttefelt.

Skulen og barnehagen har badestrand innafor gå-avstand. Det blir som regel fleire turar dit, i løpet av sommar- og haustdelen. Det er utruleg kjekt å kunne tilby litt ekstra svømmeundervisning utanom den som skjer i svømmehallen. Eininga prioritærer å kurse alle tilsette som er svømmedyktige, slik at flest muleg har svømme- og livredningskurs. Dette gjer også at vi får mindre begrensningar i nærlieken av vatn på andre turar og aktivitetar.



Maskorama

Elevane laga eigne kostymer, snakka inn svar på spørsmål der stemma blei forvrentg, laga invitasjonar, baka og stod for store delar av førestillinga sjølv. To elevar var også programleiarar. Her var både foreldre og anna nær slekt invitert på kveldstid til eit forrykande show, som var til stor begeistring for dei som møtte opp. Det var stort oppmøte og stor jubel for innslaga. Fleire av lærarane deltok også aktivt som artistar, noko som alltid er populært blant elevane. Førestillinga bidrog også til sårt trengte midlar til klassekassa til sjuande trinn som tradisjonelt brukar å ha ein avslutningstur til Trondheim før dei sluttar ved skulen.



Overnattingstur ved Megårdsvatnet i Heim, for mellomtrinnet.

Tidlegare har eininga hatt vinter-overnatting i telt på Nordmarka for sjette trinn. Det vart av ulike årsakar endra til tur til Megårdsvatnet i 24. Elevane skal i løpet av mellomtrinnet ha tur med minst ei overnatting. For eininga var det naturleg å tenkje alle i lag, da femte, sjette og sjuande trinn går i same klasse. Denne turen er tverrfagleg vektlagt med både for- og etterarbeid.

Årsmelding 2024

Ellers har eininga “uteskuledag” fast ein dag i veka for første og andre trinn og fleire fellesturar for alle trinn i nærområdet. Når enkelte trinn har delteke på andre aktivitetar f.eks i sentrum, har dette ofte vore kombinert med mellom anna tur på Kleiva eller bibliotekbesøk.

Av hendingar av heilt anna art, kan det nemnast at tilsette er med i eit utviklingsarbeid innafor språk og skriving. Eininga har lykkast særskilt godt i arbeidet, noko som har sett tydelege spor inne i klasseromma og undervisninga.



Årsmelding 2024

Barnehagen i Bæverfjord og skulen har også opplevd å måtte stenge tidlegare og sende heim alle ungar og elevar grunna flaumfare frå ispropp i elva. Sjølve "evakueringa" gjekk føre seg raskt og kontrollert utan dramatikk.

Bildet viser vatnet inne på campingområdet ved Bæverfjord bru, isproppen bygde seg raskt opp til området ovanfor skulen, noko som kunne skapt ein større flaum inne på skule- og barnehageområdet.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Barnehagar	4 937	5 589	5 320	5 305	-284	-5,4 %
Undervisning i grunnskulen	5 479	5 908	5 598	5 598	-311	-5,6 %
Leirskule	34	17	21	21	4	18,1 %
Elevkantine	-28	12	-20	-117	-129	-110,1 %
Skulefritidsordninga	-102	-48	-80	-80	-32	-39,4 %
Skyss- grunnskulen	269	252	245	245	-7	-3,0 %
Sum	10 589	11 730	11 083	10 971	-759	-6,9 %

Kommentar til status økonomi

Eininga har dette budsjettåret hatt ein teknisk feil i budsjettet. Feilen har ligge under periodisert lønn. Det har ikkje vore teknisk muleg å rette opp i denne feilen innafor budsjettåret. Dette er retta opp for neste budsjettår.

Grunna denne feilen har eininga ved slutten av rekneskapet, registrert eit samla meirforbruk på 759000 kroner.

Rett tal for rekneskapet er eit mindreforbruk på 730000 kroner.

Feilen har vore varsle gjennom heile året i kvartalsrapportane frå den blei oppdaga og fram til budsjettslutt.

Oppsummering tiltak

Det einaste tiltaket som er gjort, er å sikre at feilen ikkje ligg inne i budsjettåret for 2025.

Mo oppvekstsenter

Aktivitet

Vi har pr. 31.12.24. 24 (34 plassar) barn på barnehagen Barnehagen arbeider ut i frå rammeplan og årsplan. Pedagognorm, bemanningsnorm og arealnorm er varetatt. Vi har styrar i 40% stilling.

På SFO er det 14 barn. Til tider utfordrande med 1 vaksen på så stor gruppe, og at det er nokre av dei same elevane som i skuletida har tiltak og ressursar på seg.

På skulen har vi 3-delning, 1. og 2. trinn saman, 3. og 4. trinn saman og 5., 6. og 7. trinn er saman. Ein kontaktlærar på kvar gruppe. Det er 33 elevar på skulen inneverande skuleår. Vi har rektor i 40% stilling.

Årsmelding 2024

I første og andre trinn har vi innført leikbasert læring. Vi opplever at det har styrka ein god overgang frå barnehage til skule, i tillegg lettar det også overgangen frå SFO til skulen i kvardagen.

Vi fortset med fokus på digital undervisning, opplæring og nytte av digitale undervisningsressursar i klasserommet. Vi har arbeid med Implementering av KiKi Møre og Romsdal, ein trygg og sikker KI løysing for grunnskular som blir tatt i bruk med elevane etterkvart.

Vi har spesialpedagog på skulen, som i tillegg til å arbeide med enkeltvedtak legg stor vekt på arbeidet med tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging. Også for å skape kontinuitet i arbeidet og for å halde fokus på eit godt læringsmiljø som er eit utgangspunkt for tryggleik og læring for alle elevar.

Utviklingsarbeidet med læringsmiljø ligg i botn for alt arbeid vi gjer i kvardagen, anten det er saman med ungane/elevane eller tilsette. Grunnanken er gjensidig respekt og tillit. Informasjon, åpenhet og god kommunikasjon er viktige faktorar både i forhold til tilsette og foreldre/føresette.

Oppretthalde fokus på IKT opplæring og utstyr. Gi god og tilpassa opplæring i tråd med Ny opplæringslov 2024, Rammeplan for barnehagen og rammeplan for SFO.

Arbeide for å skape gode tverrfaglege lag for barn og unge på Nordmøre.

Vi har utviklingsamtalar med elevar og samtalar med førskulebarn i barnehage fast før foreldresamtalar og elles ved behov. Vi ønskjer å ha meir fokus på eleven og barn si medverknad på eigen læring både i barnehagen og skulen.

Vi har planfesta og gjennomført møter i innkluderingssteam både i barnehage og skule.

Når det gjeld fagleg oppdatering, så har vi 2 utviklingslærarar, 1 på barnehagen og 1 på skulen. Vi følgjer opplegget gjennom Nettverk Nordmøre. Vi har ein barnehagelærar som er med på det nyopprettet tilbodet på Campus i Kristiansund, med erfaringsbasert master i spesialpedagogikk. Ein lærar tar engelsk, slik at vi dekkjer opp kravet i Ny opplæringslov.

Vi legg stor vekt på å utnytte ressursane vi har i lokalsamfunnet, både turar, gards- og bedriftsbesøk. Vi kjøpte ny lafta sandkasse på Solem sag.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Barnehagar	3 339	3 754	3 333	3 320	-435	-13,1 %
Undervisning i grunnskulen	5 787	6 115	5 410	5 410	-705	-13,0 %
Leirskule	25	13	32	32	19	59,2 %
Elevkantine	-7	-6	43	14	20	143,3 %
Skulefritidsordninga	-197	157	295	295	139	46,9 %
Skyss- grunnskulen	147	151	160	160	9	5,5 %
Sum	9 094	10 184	9 273	9 231	-953	-10,3 %

Kommentar til status økonomi

Årsmelding 2024

Hovudårsaka til meirforbruk i 2024 er at talet på årsverk er noko høgare enn budsjettet med, grunna interne omdisponeringar i kommunen.

Når det gjeld redusert foreldrebetaling, og 12 timer gratis SFO for 1., 2. og 3. trinn, gratis kjernetid og søsken-moderasjon i barnehagen, erstattar ikkje midlane som blir tilført fullt ut tapet på inntekt. For perioden august til desember 2024, var det også som følgje av vedtak i kommunestyret på juni 2024, om å innføre gratis skolemåltid gradvis. Med gratis tilbod for yngre søsken vart det fakturert berre til halvparten av dei som var påmeld skulekantine.

Oppsummering tiltak

Tiltak vi har gjort er å redusere årsverk siste halvår, med å omdisponere tilsette mellom barnehage og SFO. Med rullerande opptak i barnehagen, kan det bli utfordrande da det er behov for færre tilsette i barnehagen om hausten enn om våren.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Aktivitet

Todalen og Stangvik oppvekstsenter består av barnehage, skule og sfo.

Todalen og Stangvik skule hadde rundt 70 elevar, ca 25 barn på sfo, og mellom 30-35 ungar i barnehagen budsjettåret 2024.

Eininga har ein einingsleiar, ein rektor for skulen og ein styrar for barnehagen. Tilsaman 160% administrasjon.

I 2024 har vi jobba med og fortsatt ha eit kompetent og stabilt personale som vil gje god kvalitet i barnehage og skule med tanke på bla. læringsmiljøet, ikt og arbeidet for eit godt skule – og barnehagemiljø. Vi har jobba med språk og skriv, læringsløype gjennom nettverk Nordmøre. Den har gått gjennom 3 år, og vart avslutta desember 2024. Frå 2025 er det ei ny 3 åring læringsløype, med matematikk, antal, rom og form.

Vi har også jobba med inkludering i bhg/skulen. Vi har i 2024 oppretta inkluderingsteam i både barnehagen og i skulen. Dette er med på å sikre ei god jobbing med inkludering gjennom året. Einingsleiar sitt som medlem av begge gruppene.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
Barnehagar	6 365	7 113	5 935	5 911	-1 203	-20,4 %
Undervisning i grunnskulen	11 677	13 435	13 110	13 110	-325	-2,5 %
Leirskule	47	56	30	30	-26	-86,0 %
Elevkantine	-103	-103	70	-3	100	3339,5 %
Styrkt barnehagertilbod	360	0	0	0	0	0,0 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap		Opph. bud.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
	2024	2024				
Skulefritidsordninga	386	495	433	433	-63	-14,5 %
Skyss- grunnskulen	475	498	500	500	2	0,4 %
Sum	19 207	21 494	20 078	19 981	-1 514	-7,6 %

Kommentar til status økonomi

Vi fekk eit meirforbruk på 1 513 746,- for året 2024. Det meste av meirforbruket er på lønn, 1 350 959,- Dette meirforbruket på lønn skuldast at det ikkje vart teke nok høgde for lønnss-aukinga i 2024, samt at vi tok i mot 13 Ukrainske barn i 2024, og for å kunne handtere det på ein god måte, måtte vi tilsette Ukrainsk språk-arbeider både i barnehagen og i skulen. Vi har og ein del barn som har sakkunnig vurdering og behov for ekstra hjelp. Dette krev at vi tilsett nok folk for å kunne utføre lov-pålagte oppgåver.

Vaksenopplæring og integrering

Aktivitet

2024 har vore eit hektisk år ved Surnadal vaksenopplæring og integrering.

Ved starten av året var det stor aktivitet med stor merknad av 2023 som var eit år med mange busettingar. Med 55 busette i heile 2024 vart det roligare på den fronten utover året, men stor merknad av oppfølging på allereie busatte. Omorganisering i leiertema og integrering vart kraftig nedbemanna frå august 2024, og bruk av innleie av ekstrahjelp og korte arbeidsavtaler avslutta. Arbeidstid over ordinær arbeidstid vart også stramma inn for alle.

Dette har vore ei merkbar ned-bemanning og stor omstilling for heile eininga. Vi har fått plassert tenesteområde ut i fleire ledd kommunalt, og teke ned tjenester internt. Resultatet har vore eit betre tverrfaglig samarbeid i kommunen. men vi ser fortsatt at vi har ein jobb å gjere på dette feltet.

Vi har teke ned vår sjåfør/transport teneste. Dette har fungert godt, og eit viktig ledd i vår integrering. Vår avdeling miljøarbeidarar har ulike roller og eit viktig ledd ut mot andre einingar.

Eininga vart frå hausten 2024 redusert fra 3 til 2 programrådgivarar. Ser at dette var riktig med busettingstal framover. Programrådgiverne har gjort en god jobb for å få våre deltakarar ut i praksis i en del av introduksjonsprogrammet. Fleire har fått forlenga programmet da praksis har gjeve mulighet for forlenga avtale eller fast arbeid i enden.

August 2024 tok vi mot 3 einslige mindreårige som vi samarbeider med Nordmøre folkehøgskole om å gi eit godt tilbod og integrering til. Dette er eit arbeid vi tek med oss inn i eit nytt år, der vi må sjå nærmare på organisering på denne jobben innan kommunalt.

Ved vaksenopplæringa har de vore alt fra over 100 deltakarar og ned i 60 i løpet av året. Det har vore 4 grupper løpende gjennom heile året med Ukrainere som har delteke på norskurs. Omlag 30 deltakarar har individuelt oppholdsløyve og delteke i norskopplæring, grunnskuleopplæring og samfunnskunnskapskurs.

Årsmelding 2024

Vi har lovverk som krev at busatte får strata med norskundervisning innan 3 mnd fra busetting i kommunen. Derfor har antallet i våre norskgrupper våre variabel. Antall lærarar har våre nødvendig av same grunn.

Ny opplæringslov fra aug. 2024 med ny læreplan for våre deltagarar gjev oss som ein forholdsvis liten opplæringseining store utfordringar i forhold til organisering. Dette gjer at vi har små grupper som for utanforståande og sett i stor sammenheng kan sjå litt råflott ut.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Innvandrarhjelp	9 629	9 517	7 830	7 830	-1 687	-21,5 %
Introduksjonsordninga	16 147	14 578	9 748	9 748	-4 830	-49,5 %
Vaksenopplæring	-5	0	0	0	0	0,0 %
Underv. Av framandspr. Vaksne	5 434	6 146	777	777	-5 369	-691,5 %
ØKONOMISK HJELP LIVSOPPHOLD - FLYKTNINGAR	-78	173	142	142	-31	-22,0 %
Tilskot buutgifter - flyktningar	2 198	804	762	762	-42	-5,5 %
ETABLERING FLYKTNINGAR - direktesubsidie	1 382	283	100	100	-183	-183,2 %
Sum	34 708	31 502	19 359	19 359	-12 143	-62,7 %

Kommentar til status økonomi

Kommunestyret i Surnadal vedtok i desember 2023 å busette 50 personar i 2024. Anmodning fra IMDI var på 70. Ved årets slutt var 55 busett. 50 fra Ukraina og familie på 5 frå Syria.

Eininga har i løpet av 2024 blitt kraftig redusert. Da i første omgang på integrering. Her har det blitt tatt ned heile 4,5 stillingar frå hausten 2024. Men med eit utgangspunkt der det har vore budsjettet med for få lærarar gir ikkje dette noe utslag i regnskap til slutt. Det har heller ikkje vorte tatt høgde i at det har vore 3 lærarar ute i vidareutdanning. Alle i 33%. Det vart også forventa ned med lærarar fra hausten 2024 noko det ikkje vart. Alt i alt store lønnskostander på fastlønn lærarar.

I forhold til refusjonar frå staten har det vore feilberekna. Dette på norsktildelte som gjelder for personar som får «Rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap» og «Rett til norsk». Personar mellom 18 og 67 år som har fått opphaldsløyve etter utlendingslova § 34, har rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring i norsk, jf. integreringslova § 37 d. Da har kven og om dei har deltatt i opplæring i norsk hatt betydning på denne utbetalinga.

Vi ser at det har vorte ein bom på utrekning på introlønn. Her skulle det ha vorte periodisert betre utover året i budsjett.

Oppsummering tiltak

Meir kontroll på budsjett. Løpende oppsummering gjennom året som kjem saman med inspektør og økonomimedarbeidar. Tett dialog med kommuneleiing. Være i forkant og periodisere ved behov. Ein god dialog opp mot dei ansatte på økonomistatus. Gjere alle bevist på tida og utfordringane vi står i som kommune. Trygge kvarandre.

Surnadal barne- og ungdomsskule

Aktivitet

Status:

Elevtal per 10. mars 2025: 508.

Vi opplever ein brems i inntaket av flyktninger i inneværende skuleår. Antall elever med framandspråkleg bakgrunn er no omtrent 75. Vi har eit jamt lite tilsig av elevar frå grendeskulane. Kommunen sin økonomiske situasjon sett naturlegvis preg på kvardagen og planlegginga for morgondagen. Det går mot ei omorganisering av ledergruppa hos oss. Det har blitt tilsett ny rektor fra januar 2025, og ein lang periode med fråvær i ledergruppa går mot slutten. Ny opplæringslov sett nye krav til kva vi skal leve og pressar budsjettramma. Skulen kjenner på å ha for få eigna rom. Det er hovudsaklig grunna i antal klassar og antal elevar med særlege behov. Om to år kjem mellomtrinnet til å bestå av 3 trinn med 3 klassar. Dette vil bli ei utfordring. På utviklingsfronten har vi nyleg starta ei ny læringsløype i Nettverk Nordmøre og vi kjem til å ha eit retningsskifte for pedagogikken for dei minste elevane fra august 2025.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph. bud. 2024	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024		2024	-	
Undervisning i grunnskulen	60 891	67 821	65 783	65 783	-2 037	-3,1 %
Leirskule	228	173	345	345	172	49,8 %
Elevkantine	379	623	1 367	766	144	18,7 %
Skulefritidsordninga	1 762	2 464	1 692	1 692	-773	-45,7 %
Skyss- grunnskulen	2 305	2 889	2 900	2 900	11	0,4 %
Sum	65 565	73 970	72 087	71 486	-2 483	-3,5 %

Kommentar til status økonomi

Skulen har eit relativt stort underskot i 2024, under følgjer ei forklaring på det.

Subus fekk i 2024 inn i ein elev med store behov for tilpassing i kvardagen. Det var planlagt at eleven skulle ha ein tilsett med seg heile dagen, men han treng to. Dette har ført til ein stor ekstra kostnad for skulen. Det har bli søkt om støtte fra staten. Behandlingsfrist er i slutten av mars 2025.

Ny opplæringslov med regler om målformsgrupper førte til at skulen måtte legge til ein ekstra klasse i kabalen. Dette har medført ekstra kostnader.

Staten har utvida rammen for kor mange som får gratis kjernetid i SFO. Dette var det ikkje budsjettert for i 2024. Antalet elever på SFO er omtrent dobla.

Oppsummering tiltak

Vi forventar å få støtte fra staten for eleven med store behov. Kor mykje vi får er usikkert. Eleven kjem truleg til å være med oss i åra framover. Søknad om støtte skal bli sendt på slutten av kalenderår. Etter å

ha motteke svar på søknaden står vi betre rusta til å budsjettere riktig for åra framover.

Krav i ny opplæringslov som gjeld målform og SFO er det ingen veg utanom. Kommunen må tilføre midlar til Subus sitt budsjett for å håndtere denne endringa. Subus har ikkje anledning til å håndtere dette uten at det går sterkt utover den ordinære drifta.

Helse og familie

Aktivitet

Kommunen har ei plikt til å sørge for leger i ledige lister til innbyggjarane, og på grunn av eit stort sjukefråvær hos legane har det ført til eit omfattande behov for - og bruk av - legevikarar. Bruk av vikarbyrå får betydeleg innvirkning på regnskapet i periodar med stort sjukefråvær og ein har hatt følingar ute ift vikariat når fråvær har vore av ein meir forutsigbar art.

Eininga fekk imidlertid to nye fastleggar som reduserer behovet tilsvارande som er svært positivt for tenesta - og gir positive ringvirkninger. Det er eit ynskje å etterstrebe å være raskt ute for å sikre rekruttering i evt ledige fastlegelister der ein har forutsetningar for å lyse ut desse, da dette reduserer sannsynlighet for vikarbehov noko.


I 2024 har det vore naudsynt oppgradering av noko utstyr samt møbel ved legetenesta som ein ikkje tok høgde for men som eit ledd i vidare arbeid ved tenesta mtp HMS og kvalitetsarbeid.

Som ei gledeleg julegåve fekk legane i år eit løft for tenesten, eit ultralydapparat frå Sparebankstiftelsen.

Psykisk helse og rus fekk 10 000 i gåvemilder samt gitarar etter ei innsamlingsaksjon i romjula frå musikarane FrankLind med venner.

I 2024 har ein motteke tilskot fra statsforvalter til aktivitetstilbud innan psykisk helse og rustenesta som har vore ein viktig og målretta mestringsarena for brukarane. Ein har i 2024 fått tilskudd for styrking av skulehelsetenesta for å dekke noko av lønnsutgifter knytt til dette tilbodet retta mot barn og unge på skulane.

Tenestene har i år saman med frivillige frå sanitetskvinnene delt ut matgåver ut til menneske innanfor vår brukargruppe som treng ekstra hjelp, særleg i tida før jul.



Lokalene er dekorert med bilder laget av en gjeng som er tilknyttet aktivitetskontakt Linda Margareth Øye Fiske i Surnadal kommune. **FOTO: MARI VATTØY**

I 2024 vart det utarbeida ein samarbeidsavtale med Rennebu kommune om kommuneoverlegefunksjon noko som er svært gledeleg.

Ein har ikkje lukkast å rekruttere psykolog. Det er utfordrande å rekruttere psykolog i 50% og ein ser ein må her kunne tilby 100% stilling.

Psykisk helse over 18 år melder om press på tenester, noko ein og set i samanheng med at vi ute i kommunane får meir ansvar knytt til oppfølging/ivaretaking framover.

I 2024 har eininga samarbeid på tvers ved fleire høve for å få etablert gode tenester innafor ramme.

Vi har vore med i gruppe for å få etablert bustader tilpassa behova til menneske som slit med rus (ROP bustader).

Dette arbeidet vart ikkje ferdigstilt i 2024, men midlar til boligformål har vorte overførte til 2025 og arbeidet fortset i 2025.

Årsmelding 2024

Eit anna tverrfaglig prosjekt eininga deltek med faglegiar og ungdomskontakt i er arbeidsgruppe for ei tryggare nyttårsfeiring i Surnadal.

Helse og familie deltok på nettverksarbeid for helse og oppvekst, "laget rundt barnet".

Det har som i fjor vore betydeleg utgift knytt til tolketenester for fysioterapitenesta, psykisk helse, helsestasjonstenesta og legetenesta.

I 2024 har eininga vore gjennom ein stor endring- og omstillingsprosess ved innføring av helseplattformen som nytt journalsystem. Dette har vore eit krevande år - men og samlande år for mange på tvers av einingar.

Det har vore eit godt stykke arbeid frå samtlege tilsette i eininga i 2024, og dei har i stor grad greid å opprettheldt tenester gjennom heile implementeringa frå start til ferdigstilling (Go-live).

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Individuell plan/koordinering	939	1 262	1 091	1 091	-170	-15,6 %
HELSESTASJONSTENESTE for barn og gravide	6 437	7 106	6 090	6 090	-1 016	-16,7 %
JORDMORTENESTE - Helseforetaket	353	110	0	0	-110	0,0 %
FOREBYGGJANDE RUSARBEID	2 466	2 471	2 475	2 275	-196	-8,6 %
FOLKEHELSE (Frisklivstiltak)	131	364	262	462	98	21,2 %
FOREBYGGENDE HELSEARBEID	1 107	1 068	1 150	1 150	82	7,1 %
Miljøretta helsevern - interkommunal eining	173	169	166	166	-3	-2,0 %
Skjenkekontroll	142	-73	72	72	145	200,4 %
LEGETENESTE - via Surnadal Legesenter DA	10 102	-56	0	0	56	0,0 %
Legeteneste - vikar/turnus	9 001	6 655	2 707	2 707	-3 948	-145,8 %
LEGETENESTE - kommunal regi	1 703	7 636	6 013	6 013	-1 624	-27,0 %
TILSYNSLEGER - Ved Surnadal sjukeheim	0	827	0	0	-827	0,0 %
Legevakt	3 249	3 819	3 555	3 555	-264	-7,4 %
Akutthjelp helse- og omsorgtj.-døgnopp hold	1 710	806	1 500	1 500	694	46,3 %
Fysioterapiteneste	1 827	1 571	1 864	1 864	293	15,7 %
HALSA PSYKIATRISKE SENTER	2 347	1 812	759	759	-1 053	-138,7 %
PSYKISK HELSE (Psykiatrisk Sjukepleiar)	1 364	980	1 547	1 547	566	36,6 %
Ergoterapiteneste	491	387	498	498	111	22,3 %
Støttekontakt	758	741	765	765	24	3,1 %
Avlastning	668	593	658	658	65	9,9 %
Sum	44 966	38 250	31 174	31 174	-7 076	-22,7 %

Kommentar til status økonomi

Årsmelding 2024

Regnskapet viser etter årslutt eit overforbruk over budsjett på omlag 7 millionar, eit meirforbruk knytt til utgifter drift legetenesta og kjøp av vikartenester.

Det er klart det førelegg eit etterslep i investeringar knytt til drift av legetenesta som har vore naudsynt i forhold til HMS arbeid og krav som følgjer kommunal drift. Kommunen er pliktig til å sørge for ivaretakelse av fastlegelister som er uten fastlege ut over 8 veker. I 2024 er det ikkje til å kome bort i frå, at fråvær på grunn av langtidssjukdom og permisjonar har gitt eit omfattande behov for fastlegevikarar. Kjøp av tenester frå vikarbyrå og investeringar knytt til drift her får betydeleg innvirkning på regnskapet til Helse og familieeininger i 2024. Tilsynslegar sjukeheim har tidlegare vore ført på ansvar sjukeheimen i lønnsbudsjett.

I 2024 innvesterte eininga innan psykisk helse, fysioterapi, ergoterapi og helsestasjonstenesta nytt journalsystem (helseplattformen).

Oppsummering tiltak

Tiltak som har vorte starta/påbegynt i 2024;

- Omorganisering/struktur internt og innafor ramme.

Fagleiar psykisk helse og rus (Fagleiar er da uten personalansvar, men for å samle ressursar, kunne ha tettare oppfølging i HMS arbeidet, sjukefråvær/tilrettelegging, raud tråd for dei som arbeider i og med desse tenestene i samarbeid med einingsleiar)

Administrativ stilling (fagledernivå) 40% Legetenesta - uten personal-ansvar, men for å samle ressursar, kunne ha tettare oppfølging i HMS arbeidet, sjukefråvær/tilrettelegging, raud tråd for dei som arbeider i og med desse tenestene i samarbeid med einingsleiar)

Fra tidligare har ein leiande helsesjukepleier og leiar for fysioterapitenesta med same hensikt/funksjon.

- Arbeid med HMS i eininga på tvers av tenester, oppretting av HMS gruppe med representantar frå dei ulike tenestene, verneombod og tillitsvalte. Fokus på rettigheter, ansvar og plikter i HMS arbeidet.
- To nye fastleger med oppstart i 2024 (eininger har 6 fastlegeheimlar + ei turnusstilling og tilbyr ALIS avtale. Kommuneoverlege i 50% i samarbeid med anna kommune)

Sjukeheimen

Aktivitet

Tenester i eininga Surnadal sjukeheim omfattar heildøgns- omsorg og pleie. I tilknyting til opphaldet er det organisert legeteneste, fysioterapiteneste, sjukepleiarsteneste og anna helsepersonell i samarbeid med andre deler av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Tenesta er heimla etter Lov om helse- og omsorgstenester.

Sjukeheimen består av følgande avdelingar etter omorganiseringa våren 2024:

Årsmelding 2024

- Langtidsavdelinga: 16 plassar
- Kåret, avdeling for personar med demenssjukdomar: 16 plassar
- Bu- og avlastningsavdelinga (BOA): 20 langtidsplassar, 6 korttidsplassar.
- Observasjonspost/ØHD-post: tre rom, derav eit palliativ-rom. Ligg i tilknyting til Boa.
- Storkjøkken som produserer mat for sjukeheimen, omsorgsbustadane og heimebuande (matombringning)
- Vaskeri

I 2022 starta sjukeheimen ei omlegging av turnus med langvakter på helg. Dei fleste tilsette arbeider fleire timer på helg etter omlegginga. Omlegginga er med på å redusere talet på små helgestillingar. Dei siste åra har rekruttering av vikarar i tillegg til rekruttering til dei faste stillingane, vore eit problem. Turnusordning med langvakter på helg gjer arbeidet med heiltidskultur lettare.

Vi arbeider målretta med å styrke kompetansen innan alle områda i organisasjonen. Rolleavklaring har det vore arbeidd mykje med på sjukeheimen dei siste åra. Sjukepleiarrollen har vore spissa opp mot arbeidsoppgåver som berre sjukepleiarane kan gjere, praktiske arbeidsoppgåver har vorte lagt i større grad til ufaglærte. Sørviceavdelinga vart eiga avdeling ved sjukeheimen i 2020.

Sjukeheimen har utviklingsarbeid satt i system. Dei ulike avdelingane har refleksjonsgrupper kvar veke, vi planlegg utviklingsarbeidet etter ein kompetansesirkel som er utarbeidd i lag med tilsette ved sjukeheimen. I 2013 oppretta sjukeheimen Kvalitetsgruppa som er samansett av leiarar og to tilsette frå kvar avdeling. Fagutviklingssjukepleiar leiar møta i kvalitetsgruppa.

Sjukeheimen er organisert med at kvar avdeling har ein teamleiar. Teamleiar er enten sjukepleiar eller vernepleiar. Teamleiarrolla skal reviderast i 2025 og er eit av fokusområda som er valt ut ved sjukeheimen for dette året.

Sjukeheimen har utarbeidd eigne standardar på tenestene. Desse er basert på gjeldande forskrifter og lover, og angjev det sjukeheimen meiner er minste standard for kvalitet. Standardane ivaretak ikkje den individuelle opplevinga av kva kvalitet er, men dei kan representera ei grense for kva som vurderast som fagleg forsvarleg eller ikkje. Sjukeheimen ønskar ei administrativ og politisk forankring av standardane.

Sjukeheimen utarbeidde i 2024 ei rutine/prosedyre for drift og prioriteringar ved press på tenestene. Rutina/prosedyra vart utarbeidd i samarbeid med tillitsvalte, verneomboda, medlemmane i kvalitetsgruppa og leiarteamet. Prosedyra og kvalitetsstandardane skal vere eit verktøy for tilsette når dei opplever press på tenestene og ressursane.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
Drift kantine	-97	0	0	0	0	0,0 %
Surnadal sjukeheim	54 478	61 748	60 590	61 590	-158	-0,3 %
Kjøkken	4 334	5 164	4 321	4 321	-844	-19,5 %
KANTINEDRIFT v/ sjukeheimskjøkkenet	0	-109	-20	-20	89	443,5 %
Vaskeri	1 213	1 333	1 190	1 190	-144	-12,1 %
Sum	59 927	68 137	66 080	67 080	-1 057	-1,6 %

Kommentar til status økonomi

Sjukeheimen rapporterte tidleg på året at prognosa var 2-3 millionar i meirforbruk. Ein hadde, og har framleis, ein pasientsituasjon som krev auka personalressurs. Ei samkøyring av ressursar på tvers av avdelingane og nøye vurderingar av behov for innleie ved fråvær gjorde at meirforbruket ikkje vart enda høgare enn sluttresultatet.

27 mai 2024 opna vi to ØHD-plassar (Øyeblikkelig-Hjelp-Døgnopphald) ved sjukeheimen. Tilbodet er lov-pålagt og er meint kun for pasientar som elles ville ha blitt innlagt i sjukehus. Evalueringa så langt syner at desse plassane ikkje er nytta i stor grad.

Det er press på tenestene og behandlingstida på søknadar om plass tek lenger tid enn ein kunne ønske. I 2024 hadde sjukeheimen kostnadar på ca. 500 000,- på ferdigbehandla på sjukehus som treng sjukeheims plass og på leie av korttidsopphald i andre kommunar for pasientar vi sjøl ikkje har kapasitet til å ta i mot. Press på tenestene kan og gjelde at ein pasient som får langtidsopphald blir buande ein lengre periode på eit korttidsrom. Høgt press på langtidsplassane vises i inntektene for sjukeheimen med 1,2 millionar over budsjett i 2024.

Rekrutteringsutfordringar, både til våre faste stillingar og av vikarar gjorde at sjukeheimen så seg nøydt til å leie inn helsefagleg kompetanse frå vikarbyrå for å dekkje sommaren. Til saman hadde sjukeheimen ekstra kostnadar tilsvarande kr. 1 878 209,- til byråa.

Omorganisering i leiargruppa og anna fordeling av dei merkantile arbeidsoppgåvene gav ei innsparing på 25% stilling.

Framsikt syner eit samla sjukefråvær på 11,37 % i 2024 for sjukeheimen sin del. Første halvår gav større muligheter for tettare leiaroppfølging av sjukmeldte og ein hadde ei positiv auke i graderte sjukmeldingar i staden for 100% fråvær. Første halvår var samla sjukefråvær på litt over 9%. Siste halvår av 2024 vart prega av innføringa av Helseplattformen og ein hadde ikkje i like stor grad mulighet for å vere tett på. Ein kan ikkje stadfeste at dette er årsaka til auka, men uansett er tett leiaroppfølging viktig for arbeidsmiljøet og fråværs-arbeidet.

Bu og aktivitetstenesta

Aktivitet

Eininga gir tenester til brukarar med ulike hjelpebehov, og som har eit behov for individuelt tilrettelagte helse- og omsorgstenester til daglege gjeremål i bustad, avlastningsopphald i bustad og ulike formar for aktivitet og arbeid. Eininga har 115 tilsette og 88 årsverk ved nyttår. Brukarane har behov for langvarige og samansette tenester i form av opplæring, trening og rettleiing i å bo sjølv. Surnadal Kommune opplever på lik linje med mange andre kommunar eit auka behov for vår type teneste. Det gjeld spesielt med tanke på auka behov for avlastningstenesta for barn og unge. Vi har i 2024 jobba mykje med korleis vi skal organisere ei berekraftig drift på dette området. Både når det gjeld arealer, personale og kompetanse. Det er eit stort behov på kveld, helg og ferier/høgtid. Det er ei utfordring med tanke på bemanning. Dette er eit arbeid som fortsetter i 2025.

Ei oversikt over bustadene og aktivitetshuset i eininga:

- Bårdshaugen fellesbustad med tenester overfor 8 brukarar

Årsmelding 2024

- Sommerro fellesbustad med tenester overfor 7 brukarar
- Leitet fellesbustad med 6 brukarar
- Motrøa med 4 brukarar fordelt på to boliger
- Røssmovegen 28 med 4 brukarar
- Sommerrotunet aktivitetshus med dagtilbod til 15 faste på dagtid.
- Avlastning Øye med 5 brukarar

Det er ingen ledige leiligheter i nokon av fellesbustadene pr i dag og vi slit med kapasitet på avlastningssida. Vi har ei drift som fordeler seg på mange mindre felleboliger og dette krev mykje bemanning. Spesielt er det ei utfordring på natt siden nå alle boliger treng fast nattevakt.

Mange av våre beboere blir eldre og vi ser at dei fleste leilighetene er dårlig tilrettelagt med tanke på at det skal være plass til hjelpemiddel som personløftere og rullestol.

Vi har starta arbeidet med å diskutere struktur i Bu og aktivitet i forbindning med arbeidet rundt Helsehus. Dette arbeidet lyt fortsette for vi går ei tid i møte der vi skal yte meir tjenester med mindre folk .

2024 var elles i stor grad prega av innføring av Helseplattformen. Det har vore bruka mykje tid på opplæring/kursing i tillegg til mykje møteverksem for leiar og leiargruppa. Dette har også medført ein del ekstra innleie og at ein del andre oppgåver har vorte prioritert bort. Prosessen har vore ressurskrevande, men vi tykkjer det har gått greit nok og det har vore mange flinke ansatte som har lagt ned ein stor innsats.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
SOMMERROTUNET	999	1 179	1 167	1 167	-12	-1,1 %
BARNEAVLASTINGA ØYE	11 659	15 470	13 014	13 014	-2 455	-18,9 %
BUAKT-ADMINISTRASJON	-12 500	-10 060	-7 655	-7 655	2 404	31,4 %
BÅRDSHAUGEN	13 511	12 676	12 230	12 230	-447	-3,7 %
Leitet	6 074	7 041	6 301	6 301	-741	-11,8 %
NISTUTRØA	8 132	0	0	0	0	0,0 %
SOMMERRO BUSTADER	14 581	17 044	15 260	15 260	-1 784	-11,7 %
RØSSMOVEGEN 34	13 963	0	0	0	0	0,0 %
MOTRØA	0	22 972	19 778	19 778	-3 194	-16,1 %
VELFERDSTEKNOLOGI	23	21	21	21	0	1,0 %
Sum	56 442	66 343	60 115	60 115	-6 228	-10,4 %

Kommentar til status økonomi

Bu og aktivitetstenesta har eit stort meirforbruk knytt til løn. Det skuldast fleire forhold. For det første vart lønsoppgangen høgare enn budsjettet. I ei så stor eining så utgjer dette ein del på fastløna. Vi hadde fleire ut i foreldrepermisjonar i fjor der vi lyste ut faste stillingar for å klare å dekke dette fråværet for erfaringsmessig så er det såpass store endringar i løpet av året at det vil vere behov etter endt permisjon. Og det er særslig utfordrande å rekruttere fagfolk til midlertidige stillingar. Derfor har vi i år lite utgifter knytta til løn fødselspermisjon, men utgiftene er i staden på fastløn. Vakansar, spesielt på helg, betyr at ein ofte må velje dyre løysingar for å halde forsvarleg drift. Dette ser ein på overtidsforbruk og

innleie av vikar. Vi har også gjennom året opplevd ei auke i behov for tenester. Dette gjeld spesielt avlasting for barn og unge. Det er også ei ganske dyr teneste siden det først og fremst er snakk om helg, kveld, natt, ferier og høgtid. Det er utfordrande å rekruttere og vaktene utløyer ofte ganske mykje tillegg.

Vi har også noko meirforbruk på drift. Halvparten av overforbruket er knytta til kjøp av vikartjeneste og er dermed lønskostnadar. Bortsett fra det så skuldast det rett og slett for at det ikkje har vore teke nok høgde for den generelle prisauken i samfunnet. Spesielt på serviceavtalar knytta til edb/utstyr og vi har også hatt fleire store reparasjonar på minibuss.

Vi veit ikkje enda heilt sikkert inntekt for året sidan vi ikkje får levert refusjon til staten før reknskapet er ferdig. Svaret i fra direktoratet bruker å komme før sommaren og fristen for å levere krav er første mai.

Heimetenesta

Aktivitet

Heimetenesta gir tenester innafor heimesjukepleie, heimehjelp/praktisk bistand, rehabilitering i heimen, personleg assistent, dagtilbod for eldre og for demente, tryggleiksalarm og anna velferdsteknologiske løysingar. Vidare saksbehandlar eininga søknader om BPA (brukarstyrt personleg assistent), omsorgsstønad og matombringning.

Det er eit mål at stadig meir helsetenester skal utførast i pasienten sin heim, eller nærmest mogleg heimen. Ein opplever no ei auke i behov for tenester, utover det ein har kapasitet til å yte i grunnbemanning. Kompleksiteten av oppgåver og tiltak som skal løysast er meir omfattande og krev meir ressursar enn tidlegare.

Bemanningsa er ei stor utfordring no og vil bli det framover. Vi treng kompetent bemanning (både leder og tilsette) som er omstillingssyktig, nytenkande og er effektive, men fortsatt gir ei forsvarlege teneste.

For å nytte riktig kompetanse på riktig plass har vi no eit prosjekt med trollheim: Det går ut på at dei nytar folk som ikkje har helsefagleg bakgrunn til å bidra med oppgåver som det ikkje trengs den slags kompetanse til. Det er tildøme, hjelpe bebuarar på omsorgsboligane med oppvask, vaske - og henge opp kleider. Reingjøring av teneste bilane.

Ved bruk av velferdsteknologi vil stadig fleire vere lenger heime og vi må stadig ha kompetanseheving og ressursar på nye behandlingsmåtar. Vidare satsing på eit godt pasientforløp, meir velferdsteknologi og meir samarbeid med pårørande og frivillige vil vere viktige satsingsområde for å kunne nå dette målet.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
DAGTILBOD FOR HEIMEBUANDE ELDRE "Egen regi"	555	80	971	971	891	91,8 %
DAGTILBOD FOR DEMENTE "Inn på Tunet"	436	486	372	372	-114	-30,7 %
REHABILITERING	1 495	1 090	2 756	2 756	1 666	60,4 %
Heimesjukepleie	34 178	35 745	35 412	36 412	667	1,8 %
Heimehjelp	4 116	6 621	4 078	4 078	-2 543	-62,4 %
Omsorgslønn	212	250	173	173	-77	-44,6 %
VELFERDSTEKNOLOGI	341	1 715	1 441	1 441	-274	-19,0 %
Sum	41 333	45 987	45 202	46 202	215	0,5 %

Kommentar til status økonomi

Totalt så kom vi på i overkant av 215 000 kr i pluss.

Løn

Vi har mindreforbruk på løn. Vi har eit stort sjukefråvær i eininga. Det ser vi med at vi har bruka 2,4 million kroner på innleie ved sjukefråvær. Vidare er det i underkant av 1,4 millioner kroner i utgift på overtid, som er ønskjeleg kun skal være ei sporadisk utgiftspost. Overtidsbruk vil ikkje kunne reduserast så lenge så vi ikkje får inn nok personell, og sjukefråværet fortsettar og halde seg så høgt som no.

Vi har og bruka i overkant av 314 000 kr på ekstrahjelp pga at vi stiller med personell til en bruker på vidaregåande som trenger praktisk bistand av oss. Denne utgelta vil vi ikkje få til neste år. Vi har i 2024 fått nokre fleire som mottek omsorgsstønad(stønad til pårørande med særleg tyngande omsorgsbehov) noko som resulterte i eit meirforbruk i forhold til 2023.

Utgifter

Det er fleire utgiftspostar som ein ser går over budsjett.

Utgifter for betaling til sjukehus for utskrivningsklare pasienter kom på i overkant av 730.000 kroner. Det har og våre bruka ca 146 000 på leige av plass i andre kommunar.

Overskridet det som er budsjettet på drivstoff, rekvisita og vedlikehald med 170 000 kr. Det er behov for å ta ei evaluering på type bilar vi skal kjøpe inn neste gong. Vi sparer miljøet med elbilar, men vi er mange timer i bil som resulterer i meir utgifter på dekkskifte og meir skader da bilane er store og tunge.

Vi fikk tilført 1 mill i år som skulle dekke utgiftene på vikarinneleie. Men den totale summen på utgift på kjøp av ekstrahjelp og vikartenester vart på nærmere 1 800 000 millioner. Det resulterte i ein sommar der dei tilsette har hatt det bedre og heller ikkje er helt utstilt på grunn av overtid og beordring. Og det har våre kvalifiserte erfarte vikarer som har tatt ansvar og hatt positiv innverknad på arbeidsmiljøet hos oss. Vi ser også at antal overliggerdøgn på sjukehus ikkje var så høgt i sommar.

Inntekter

Vi har fått inn i underkant av 200 000 kr mindre en det vart budsjettet med på betaling av heimetenester. Dette skuldast at vi i noko omfang ikkje har klart å levere tenesta ved sjukfråvær. Da blir bemanninga nytta til å gå inn i ordinærdrift på heimetenesta, og da blir konsekvensen at vi ikkje får inn inntekter på praktisk bistand(heimehjelp). Vidare er det ein vanskeleg post å budsjetttere nøyaktig, då betaling av tenesta vil variere ut frå inntekt til brukarane.

NAV Indre Nordmøre

Aktivitet

Rapport frå enheta:

<p>Oppdrag: Arbeid med utenforskap:</p> <p>Ungdomsgarantien skal sikre unge som trenger hjelp til å komme i arbeid, tidlig innsats og tett oppfølging så lenge det er nødvendig. Dette arbeidet har vi organisert inn i vårt oppfølgingsarbeid. Vi har et tett og godt samarbeid med oppfølgingstjenesten i de videregående skolene, kommunale tjenester og lokalt næringsliv. Flere prosjekter er igangsatt for å styrke innsatsen mot ungdom og andre utsatte grupper for å forhindre utenforskap. Nav har fått midler fra Statsforvalteren til prosjektet «Jobb i Sikte».</p> <p>Kompetansehevende tiltak er igangsatt for å styrke fagkompetansen på området.</p>	<p>Økonomistatus:</p> <p>Pr. 31.12.2024 har tjenesten samlet sett et mindreforbruk på kr. 661 210,-.</p> <p>Administrasjon: Merforbruk på ca. 100 000,- skyldes økte driftsutgifter, husleie, strøm og renhold.</p> <p>Økonomiske ytelser: Etter budsjettregulering har vi pr 31.12.2024 et mindreforbruk på</p>
--	--

ca 150 000,-. Behovet for budsjettregulering på området skyldes økt bruk av sosialhjelp i hovedsak pga økt bosetting. Det har vært et økende behov for sosialhjelp både som supplerings til lønnsinntekt og til introduksjonsstønad, og som fullfinansiering for de som ikke er i arbeid eller mottar introduksjonsstønad/andre stønader. Flyktninger som ikke blir selvforsørget i løpet av perioden de deltar i introduksjonsprogram blir overført til NAV. I tillegg fullfinansierer vi alle over 55 år som ikke har tilbud om introduksjonsprogram og ikke har annen inntekt. Av denne grunn øker antallet sosialhjelpsmottakere og utgifter til sosialhjelp. Dette vil vedvare i 2025.

Tilskuddsordninger og Aktiv hverdag er godt innenfor budjettrammene.

Driftsrapport :

Driftsrapport fra tjenesteområdet: Våre viktigste prioriteringer dette året er å bistå bosatte flyktninger til ordinært arbeid og selvforsørgelse. I tillegg prioriteres arbeidet som ligger i ungdomsgarantien for å bistå ungdommer til aktivitet, jobb eller skole. Det er opprettet et fast samarbeid med opplæringskoordinator i Nav. Han skal bistå oss i saker vedr. opplæring og utdanning. Våre mål er i henhold til styringsdokumenter i stat og kommune, dvs. mål og disponeringsbrev og kommunebrevet.

Vi har videreført og videreutviklet modellen i «Helseprosjektet». Dette bidrar til at bosatte flyktninger kommer i arbeid. Opplegget er igangsatt i andre kommuner, i andre kommunale tjenester og i næringslivet. Det er nå flere som ønsker å starte lignende prosjekt etter samme mal. Resultatene viser at andelen bosatte ukrainere i arbeid har økt gjennom hele året. Dette gjelder i alle våre 3 kommuner.

I perioden har vi jobbet mye med vårt nye kontor i Surnadal. Vi er nå i midlertidig kontorlokale i påvente av helt ny lokasjon. Det forventes oppstart i nye lokaler i løpet av februar 2025.

I lokasjon Tingvoll planlegges det en form for sambruk med andre tjenester. I lokasjon Sunndal planlegges det i første omgang en ren arealreduksjon. Disse prosjektene vil redusere leiekostnader. Men man må ta høyde for utgifter til innkjøp av møbler og teknisk utstyr.

Internkontroll og avvik: NAV får sine styringssignaler fra Statsforvalter og fylkesdirektør/direktorat. Disse to linjene følger opp arbeidet i kontorene gjennom kurs/opplæring, resultatgjennomgang, kontroller og tilsyn. I denne perioden har vi deltatt på alle fagopplæringer, rapportert som forventet og hatt resultatgjennomgang med NAV fylkeskontor. Det er ikke avdekt alvorlige hendelser eller mangler. Vi leverer som

<p>forventet innen fastsatte tidsfrister.</p> <p>I 2024 er det meldt 3 avvik i kommunal linje og 6 i den statlige linja. Avvikene dreier seg om rutinesvikt, systemsvikt og truende adferd/trusler. Vi har mottatt 3 serviceklager i løpet av perioden. Avvik og serviceklager er avklart og lukket etter egen prosedyre i NAV.</p>	<p>Sykefravær og HMS:</p> <p>Sykefravær kommunalt ansatte: Totalt for hele året: 2,9</p> <p>Sykefravær statlig ansatte: Ikke sykefravær</p> <p>Vi følger vår HMS-årsplan. HMS er tema månedlige møter i medbestemmelsesapparatet. Månedlige fysisk felles kontordager er en viktig arena for våre HMS-tiltak som f.eks. brannøvelser, sikkerhetsgjennomgang/øvelser, arbeid med medarbeiderundersøkelse og kurs.</p>
---	---

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024 bud.	2024	2024		
Nav	3 358	3 913	3 702	3 702	-211	-5,7 %
Økonomisk sosialhjelp	5 286	8 490	2 744	6 394	-2 096	-32,8 %
Tilskot buutgifter	2 105	4 344	1 000	1 000	-3 344	-334,4 %
BOLIGTILSKOT (Tidl. Husnemnd)	0	120	400	400	280	70,0 %
Sum	10 749	16 867	7 846	11 496	-5 371	-46,7 %

Kommentar til status økonomi

Årsmelding 2024

Kostnadane på dette området har auka mykje dei siste to åra, og særskilt i 2024. Sjølv om vi auka opp ramma gjennom året vart kostnadane vesentleg høgare enn det vi trudde. Auka kjem på økonomisk sosialhjelp og tilskot til buutgifter.

Utvikling kostnader:

- 2022: 6 873 515
- 2023: 10 749 087
- 2024: 16 867 027

Teknisk drift - VARF

Aktivitet

Det er stor aktivitet innafor VARF-kapitlet, der hovudoppgåva er å drifte alle vassverk og avløpsstasjonar. Fauskåa vassverk er det største anlegget og forsyner nedre Surnadal, og i tillegg har vi 12 andre vassverk av forskjellig storleik rundt om i kommunen

Investeringsprosjekt 2024/2025:

- Overføringsleidning mellom Prestelva og Kvanne og nytt vassmagasin på Kvanne var det største i 2024, det vil bli ferdigstilt våren 2025
- Nye grunnvassbrønnar i Søyådalen er i prøvedrift
- Ny grunnvassbrønn ved Sæterbø vassverk
- Utskifting av asbest/semenrør, løpende prosjekt
- Nytt høgdebasseng i Galtmettet

Ny hovudplan for vatn vart ferdig i 2024 og hovudplan for avløp vart starta, regner med den er ferdig første halvår 2025.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Produksjon av vatn	4 623	3 973	3 983	3 983	10	0,3 %
Distribusjon av vatn	-8 307	-11 820	-5 439	-6 739	5 082	75,4 %
Distribusjon av vatn tilknyting	177	92	-25	-25	-117	-467,8 %
Avløpsrensing	1 020	763	1 047	1 047	284	27,1 %
Avløpsnett	-3 450	-2 773	-2 637	-2 637	136	5,2 %
Avløpsnett tilknyting	89	26	-25	-25	-51	-203,0 %
SLUTTBEH. AV AVFALL (Syltøran avfallsdeponi)	37	206	0	0	-206	0,0 %
FEIARVESENET - Før 01.04.2023	211	2	0	0	-2	0,0 %
FEIARVESENET	-728	-421	-215	-215	206	95,9 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Sum	-6 327	-9 953	-3 310	-4 610	5 343	115,9 %

Kommentar til status økonomi

430 VARF er sjølvkost og regn-skapet her er ikkje så mykje å kommentere anna enn at overskuddet for 2024 vart stort grunna avgiftsauken som vart vedteke for 2. halvår 2024. Det gjør at vi bygger fond som igjen gjer oss i stand til å tåla investeringar som kjem innafor vann og avløp.

Oppsummering tiltak

Ingen tiltak

Areal- og naturforvaltning

Aktivitet

Ansatte

Areal- og naturforvaltning har stabil arbeidskraft, og det er bygd opp meget god fagkompetanse på avdelinga. Avdelinga har i 2024 ansatt ny byggesaksbehandlar, og fått utvida kapasiteten på plansaker. Avdelinga har ansatte med sterk fagleg utdanning, lang erfaring og dermed god kompetanse for å yte dei tenestene vi er pålagt. For å oppretthalde kvaliteten på saksbehandling og tenesteutvikling er det avgjerande å behalde og vidareutvikle kompetansen. I og med at vi er så få ansatte og det er lite fagleg overlapping, er vi sårbarer, til dømes ved langtids sjukmeldingar.

Landbruk

Jordbruk: Avdelinga forvaltar ei rekke tilskotsordningar: produksjonstilskot og avløysartilskot, tiltak i beiteområde, spesielle miljøtiltak i landbruket(SMIL), drenering/grøfting, landbruksfond, regionalt miljøprogram, tilskot ved produksjonssvikt, organisert beitebruk, tilskot til avløsing ved sjukdom mv. Kommunen har det administrative ansvaret for veterinæravkantsordninga.

Kommunen er og aktiv for å gi råd til nye gardbrukarar til dømes ved generasjonsskifte eller bygging av nye driftsbygningar. Surnadal kommune arrangerte landbrukskonferanse i samarbeid med bondelaget og lokalt næringsliv. Dette var ein stor suksess med mellom anna eit engasjerande innlegg frå Anders Nordstad. Norges bonde- og småbrukarlag tildelte prisen som "årets beitekommune 2024" til Surnadal kommune.

Skogbruk: Det er høg aktivitet i skogbruket med gode tømmerprisar. Det er stort fokus på planting og ungskogpleie, og Surnadal er den mest aktive kommunen på disse felta i fylket. Kommunen forvaltar ei rekke tilskotsordningar.

- Nærings- og miljøtilskot i skog (NMSK): Formålet med ordninga er å stimulere til økt verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdier knytta til naturmangfold, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivaretake og vidareutvikla. Surnadal kommune fekk i 2024 tildelt fekk tildelt om lag 1 000 000,- av totalt 5,3 mill. i fylket. Grunna høg aktivitet i næringa lokalt har Surnadal fått tildelt mest av alle kommunane i Møre og Romsdal.

Årsmelding 2024

- Landbrukets utviklingsfond (LUF) skal nyttast til tilskot til vegbygging og driftstilskott. Surnadal kommunen fekk tildelt i overkant av 1.1 mill. til desse tiltaka. Denne summen vart løyvd til skogeigarane til ulike vegprosjekt og som driftstilskott.

Årsmelding 2024



Miljøvern

- Saksbehandling små avløpsanlegg
- Motorferdsel i utmark
- Oppfølging av forurensingssaker
- Klimatiltak
- Tilsyn med elveforbyggingar
- Vedtatt [kommunedelplan for naturmangfald](#)
- Fastsatt [gebyrforskrift](#) for saksbehandling og kontroll etter forurensingsregelverket
- Fastsatt grense mellom elv og sjø Bøvra med heimel i lakse- og innlandsfiskelova
- Oppfølging av slamhendinga i Surna

Plan

- Saksbehandling reguleringsplaner
- Vedtatt reguleringsplan for Orrenlia hyttefelt
- Vedtatt reguleringsplan for Bøfjorden sag
- Deltaking i [Fylkesgeodatautvalet](#)
- Teknisk faggruppe i IKT Orkidé
- Fått utvida plankapasitet for å arbeide med kommunale arealplanoppgåver

Bygesak

- Har rekruttert ny ansatt på avdelinga
- Rådgivning i samband med byggetiltak
- Saksbehandling bygesøknader og dispensasjoner

Oppmåling og matrikkel

- Saksbehandling frådelingssaker
- Gjennomført oppmålingsforretningar
- Hatt fokus på heving av kvaliteten i Matrikkelen

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
Skogreising	34	2	0	0	-2	0,0 %
Viltnemnd	26	48	7	7	-41	-561,1 %
Landbrukskontoret	2 712	2 977	2 764	2 764	-212	-7,7 %
Skogeigendomar	1	2	0	0	-2	0,0 %
Veterinærvakт	16	99	0	0	-99	0,0 %
Friluftsliv og naturforvaltning	967	1 005	941	941	-65	-6,9 %
Bygesaker	2 058	1 631	1 945	1 945	314	16,1 %
Arealplanlegging og oppmåling	603	572	396	396	-176	-44,5 %
Planseksjon	1 008	1 753	1 878	1 878	125	6,7 %
Sum	7 426	8 089	7 931	7 931	-157	-2,0 %

Kommentar til status økonomi

Årsmelding 2024

Areal- og naturforvaltning har eit meirforbruk på 157 000,-. Her følger ein status på alle tenestene:

Tjeneste	Budsjett	Regnskap	Avvik
4500 Skogreising	0	1 720	1 720
4520 Viltnemnd	7 234	47 824	40 590
4521 Viltfond	0	0	0
4530 Landbrukskontoret	2 764 132	2 976 535	212 403
4560 Veterinærvakt	0	99 442	99 442
6120 Friluftsliv og naturforvaltning	940 704	1 005 420	64 716
6510 Byggesak	1 944 999	1 631 055	- 313 945
6610 Oppmåling	396 163	572 391	176 228
6620 Plan	1 878 078	1752 623	- 125 455

Her er oversikt som forklarer avvik ift budsjett fordelt på tenesteområde.

4500 Skogreising: Tenesta er justert mot skogfond slik at driftsutgiftene for avdelinga går i null.

4521 Viltnemnd: Viltnemda er lagt ned og utgifter knytt til administrativ oppfølging av fallvitarbeid var ikkje budsjettert for 2024.

4530 Landbrukskontoret: Det var for lite budsjettet på Edb-utstyr/programvare og på husleie.

4560 Veterinærvakt: Tilskotet frå landbruksdirektoratet dekkjer ikkje utgiftene med veterinærvakta fullt ut. Det er av den grunn 99 442,- i meirforbruk på tenesta.

6120 Friluftsliv og naturforvaltning: Det var for lite budsjettet på Edb-utstyr/programvare og drift av fellesstenester gjennom IKT orkide.

6510 Byggesak: Det vart teke inn 400 000 meir i byggjesaksgebyr enn det som var budsjettet. Det var meirforbruk på postar som ikkje var budsjettet knytt til ansettelse av ny byggesaksbehandlar.

6610 Oppmåling: Det kom inn mindre oppmålingsgebyr enn budsjettet, grunna mindre aktivitet enn forventa.

6620 Plan: Det var mindre gebyrinntekter på plansaker enn budsjettet, grunna mindre aktivitet enn forventa. Det var for lite budsjettet på Edb-utstyr/programvare og drift av fellesstenester gjennom IKT orkide.

Felles for tenestene:

Areal- og naturforvaltning har utgifter til dagleg drift av kontorlokala. Driftsutgiftene er knytt til kontorarbeidsplassane, med nødvendig datautstyr. Det er budsjettet for å byte to pc-ar kvart år og dataskjermar etter behov (normalt etter 10 år). Kursaktivitet er kutta til eit minimum.

Det er budsjettet for lågt på drift av fellesstenester gjennom IKT orkide og Edb-utstyr/programvare. Dette har ført til eit meirforbruk på 260 771,-. Det er budsjettet for lågt på husleige, med eit meirforbruk på 42 872,-.

Gebyrinntektene på plan/deling/byggesak/oppmåling varierer stort frå år til år. Dette har vi lite påverknad på anna enn å halde tidsfristane for saksbehandling.

Teknisk drift

Aktivitet

I Teknisk drift er det stor aktivitet med drifta av "dei harde verdiane" i kommunen, samt oppfølging av investeringsprosjekt.

For reinhald der det har vore nokre utfordringar siste året er nå ny leiar på plass. Vi har der tankar om å prøve ut små robotar på enkelte areal, dette for å lette arbeidet og erstatte ressursar.

For drifts-personellet er oppgåvene stabile, men siste år er det byttet mykje lys da lysrør går ut av produksjon og må erstattast med led. Dette arbeidet gjeres i stor grad av eige mannskap. Teknisk drift har og ansvaret for utkjøring og montering av hjelpemidlar, dette har auka mykje siste åra og er nå fullstilling.

Elles er det stor aktivitet kring busetting av nye landsmenn, dette er krevjande arbeid med mykje tilrettelegging og ikkje minst oppfølging både frå boligforvaltere og vaktmeistre.

For veg og park har det vore stor aktivitet, i tillegg til den daglege drifta har det i 2024 vore fleire investeringsoppdrag med oppgradering av Snekkvikvegen, Skrubbvegen og Kortvegen. I tillegg er fleire bruar renovert og rekksverk montert langs Svartvassvegen.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Drift kantine	0	26	0	0	-26	0,0 %
Eigedomsforvaltning	1 788	2 191	2 517	2 517	327	13,0 %
ADM.LOKALE - BYGG	656	1 430	1 073	473	-957	-202,3 %
VAKSENOPPLÆRING OG INTEGRERING - BYGG	2 167	1 423	2 670	2 670	1 247	46,7 %
BARNEHAGE OG FØRSKULELOKALA - BYGG	1 931	3 483	2 060	2 060	-1 422	-69,0 %
SKULELOKALA - BYGG	10 939	11 234	10 874	10 874	-360	-3,3 %
SURNADAL LEGESENTER - BYGG	186	586	468	468	-118	-25,2 %
Fysioterapiteneste	5	0	0	0	0	0,0 %
FELLESAREAL ANSATTE, HABILITERING - BYGG	196	284	55	55	-229	-416,8 %
Surnadal sjukeheim - bygg	7 006	6 947	6 471	6 471	-476	-7,4 %
AVLASTINGA - BYGG	0	69	0	0	-69	0,0 %
OMSORGSBUSTAD Gammelsjukeheimen - BYGG	-1 085	-749	-2 527	-2 527	-1 778	-70,4 %
PENSJONÆRBUSTEN - BYGG	-404	-451	-538	-538	-87	-16,2 %
Omsorgsbustad "tørrvollen" - bygg	-305	-276	-272	-272	4	1,4 %
SOMMEROTUNET - BYGG	807	918	695	695	-223	-32,2 %
OMSORGSBUSTADER PU - BYGG	-292	-255	-514	-514	-259	-50,4 %
OMSORGSBUSTAD Moatunet - BYGG	-1 003	-1 073	-1 220	-1 220	-147	-12,1 %
Utleigebustader	-101	-292	256	256	548	214,3 %
Vaulen	9	11	1	1	-10	-955,0 %
UTLEIGEBUSTADAR - FLYKTNINGAR	5 350	734	1 855	1 855	1 122	60,4 %
Ymse bustadfelt - festeavgift	-60	-60	0	0	60	0,0 %
Ymse bustadfelt	2	0	0	0	0	0,0 %
INDUSTRIOMR. SURNADAL	0	0	0	0	0	0,0 %
Næringslokale	-845	-800	-814	-814	-14	-1,7 %
BOLIGTILSKOT (Tidl. Husnemnd)	200	0	0	0	0	0,0 %
Surnadal idrettshall	626	596	687	687	91	13,3 %
Øye stadion	186	79	27	27	-52	-192,5 %
Surnadal symjehall	1 186	1 328	564	564	-764	-135,4 %
Ymse kommunale idrettsbygg- og anlegg	64	59	70	70	11	15,5 %
Surnadal kulturhus	263	1 146	549	549	-597	-108,7 %
Åsen bygdemuseum	57	0	26	26	26	100,0 %
Arboretet	33	0	13	13	13	100,0 %
Kleiva	0	0	10	10	10	100,0 %
Andre kommunale kulturbyg	40	136	0	0	-136	0,0 %
Friluftsliv og naturforvaltning	238	621	22	22	-599	-2722,6 %
KOMMTEKBYGG-Fordeles	136	46	73	73	27	36,8 %
Kommtekbygg-brann	76	122	30	30	-92	-306,9 %
KOMMTEKBYGG-FEIING - Før 01.04.2023	3	0	0	0	0	0,0 %
Kommtekbygg-vatn	69	77	29	29	-48	-163,9 %
Kommtekbygg-avløp	69	76	30	30	-46	-153,3 %
Kommtekbygg-veg	45	49	20	20	-29	-146,4 %
KOMMTEKBYGG-FEIING	35	21	9	9	-12	-130,0 %
Vegar og gater	11 702	11 457	9 442	9 442	-2 015	-21,3 %
Veglys	529	305	394	394	89	22,5 %
PARKANLEG	530	628	771	771	143	18,5 %
Kaianlegg	9	14	2	2	-12	-741,2 %
Brannvesenet	6 306	5 736	4 964	4 964	-772	-15,6 %
Sum	49 349	47 874	40 841	40 241	-7 633	-19,0 %

Kommentar til status økonomi

Teknisk drift har eit vidt virke-område med drift og vedlikehald av alle kommunale bygg, eigedomar, vegar/parkeringsplassar og idrett/fritidsanlegg. For å drifta dette er det behov for mykje innkjøp av varer og tjenester, og det utgjør over 60% av utgiftene i teknisk drift.

2024 vart eit krevjande år økonomisk for eininga, med eit meirforbruk på omlag 7 mill. Årsaka til meirforbruket er samansett av fleire faktorar som, for stram ramme, for "positiv" budsjettering og utgifter/innkjøp som aukar vesentleg meir enn det er teke høgd for i budsjett.

Kan ikkje gå inn på kvar enkelt post, men nemner dei områda det er størst avvik.

På løn vart det eit meirforbruk på 1,8 mill. Det gjeld på reinhald og kjem av stor bruk av vikarar ved sjukdom og meir areal, Solbakken barnehage og skulebrakkane.

Vintervedlikehald med, brøyting og strøing av vegar, plassar, skuleområde og område kring andre kommunale bygg beløp seg til 8,9 mill. og det er eit meirforbruk på 2,4 mill. i forhold til budsjett. For det første er det vanskeleg å budsjettere for vinterdrifta da den varierer sterkt frå år til år, men dette er og utslag frå stadig høgare prisar og vel positiv budsjettering.

Lov pålagte serviceavtaler med tilhøyrande reparasjonar og linjeleier er og utgifter som har steget mykje siste åra og gjev eit meirforbruk på omlag 1,2 mill. i høve til budsjett. Her må nemnast at det var ein del uforutsatte reparasjonar på heis i 2024.

Auken i gebyret for vatn som vart vedteke og gjeldande frå andre halvår 2024 medførte ei auke på 375' for ansvar 460.

Ser elles at det er noko meirforbruk på fleire postar og det heng saman med at vi i 2024 fekk full belastning av Solbakken barnehage og skulebrakka, samstundes som mange bustader for flyktningar vart etablert.

Kostnadene for eininga har stor samanheng med været med tanke på energibruk i bygg og ikkje minst vegvedlikehald sommar som vinter, omfanget av bygg-arealet og vegar/gatar som vert drifta er og avgjerande for kostnadene.

Oppsummering tiltak

Tala for 2024 er historie men likevel urovekkande.

Tiltak for å betre situasjonen er i første omgang desse:

- Nedbemanning som vart gjort siste halvår 2024 vert vidareført
- Sjå på ytterlegare reduksjon i årsverk i 2025, då på reinhald
- Seia opp ikkje lov-pålagte avtaler
- Budsjetttdisiplin

Med det drifts-omfanget vi har, og storparten av kostnadane er innkjøp av varer og tjenester, er det begrensa kva vi kan få utretta utover det som er lista opp.

Sal av konsesjonskraft

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024				
Konsesjonskraft	-12 082	-18 281	-16 850	-17 850	431	2,4 %
Sum	-12 082	-18 281	-16 850	-17 850	431	2,4 %

Kommentar til status økonomi

2024 har vore eit godt og forutsigbart år med det som er det høgste resultatet kommunen nokon gong har hatt på konsesjonskrafa. Spotprisane var høge de fire første månadene før det gikk brått nedover og andre halvår hadde uvanleg låge prisar. Prissikringene bidrog aleine med 6,5 MNOK i gevinst og er hovedgrunnen til det gode resultatet. I det fysiske uttaket har vi fått ut ein "gevinst" sammenligna med gjennomsnittleg spotpris på kr. 734 913.

Forutsetningane for 2024 er:

- Løpende oppgjer i spot basert på sal av 55.326 MWh, dvs. holdt av 7000 MWh til eige forbruk. Same profil som tidligare år.
- Finansielt oppgjer basert på 53,2 GWh med oppnådd pris: **48,0 øre/kWh**.
- Differansen mellom systempris og områdepris i Midt-Noreg representerer ikkje lenger nokon risiko for totalresultatet.
- Konsesjonskraftpris: **12,31 øre/kWh** (+ 0,54 øre/kWh frå 2023)
- Fastleddet (effektleddet) for innmating av produksjon auker til 1,49 øre/kWh (+0,13 øre/kWh frå 2023). Samla sett utgjer fastleddet ein årleg kostnad på kr. 929. Statkraft fakturerer flatt gjennom året kr 66.180 pr mnd. TrønderEnergi etter reelt uttak pr mnd. S-nett avgrenner per halvår.
- Ut over dette vil oppgjøret for de enkelte måneder variere ut i fra energileddet i innmating.

Tilskot

Aktivitet

Det er behandla 38 næringsfondssaker, total løyvd 3,1 mill. kroner i 2024.

I tillegg har kommunestyret vedtatt 8 fastsette saker/område som næringsfondet skal nyttast til, totalt 4,5 mill. kroner. Samla bruk av næringsfond i 2024 blir da 7,6 mill. kroner.

Inntektene til fondet var 6,750 mill i same periode. Altså eit meirforbruk på bortimot ein mill. Dette skuldast ekstraløyvinga kommunestyret gjorde i møte i september, sak 23/01423, der dei løyvde 1 mill ekstra til Surnadal Alpinsenter AS for å styrke eigenkapitalen.

«Surnadal kommune går i 2024 inn med ny aksjekapital i eit kontantbeløp på 1.000.000 kroner i Surnadal Alpinsenter AS. Beløpet blir finansiert ved bruk av oppsparte midlar i næringsfondet.»

Årsmelding 2024

Det kjem ei eiga årsmelding om bruk av næringsfondet våren 2025.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Oph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Barnehagar	9 820	10 063	10 065	10 065	2	0,0 %
Vaksenopplæring	375	375	0	0	-375	0,0 %
HELSEFELLESSKAP ST. OLAVS HOSPITAL	41	50	0	0	-50	0,0 %
HALSA PSYKIATRISKE SENTER	19	0	0	0	0	0,0 %
TROLLHEIM ARBEID OG INKLUDERING	1 140	1 122	1 000	1 000	-122	-12,2 %
KRISESENTER / SENTER MOT INCEST	452	471	451	451	-20	-4,3 %
Frivillige organisasjoner	0	80	40	40	-40	-100,0 %
Andre næringsformål	0	0	1 614	1 614	1 614	100,0 %
Museum - ordinær drift	532	536	0	0	-536	0,0 %
Andre lag og foreninger	19	192	15	15	-177	-1180,0 %
Idrett, friluftsliv og mosjon	478	326	268	268	-58	-21,7 %
Sæterlia alpinanlegg	850	850	0	0	-850	0,0 %
Anna barne- og ungdomsarbeide	109	175	70	70	-105	-150,0 %
Ymse tilskot - kulturtiltak	254	269	885	885	616	69,6 %
Friluftsliv og naturforvaltning	75	348	70	70	-278	-397,5 %
Sum	14 164	14 857	14 478	14 478	-379	-2,6 %

Kommentar til status økonomi

- Den største tilskottsposten er tilskot til Private barnehagar på litt over 10 millionar.
- Det har vore bevillinga midlar frå denne området til å oppretthalde ei studielinje på Surnadal vidaregåande (vedtak i kommunestyret i 2023). Beløpet har imidlertid ikkje vore budsjettert, og dermed får ein eit avvik på denne posten.
- Tilskot til Trollheim - avviket her skuldast at det ikkje har vore teke nok høgde for auka løns- og prisvekst.
- Tilskot til Nordmørsmusea har vore budsjettert på ansvar 130, men tilhøyrer ansvar 503. Dermed kjem det ut som eit avvik på dette området. Dette er korrigert for i 2025 budsjettet.
- I forhold til tilskot til forskjellige lag og organisasjoner, så er det bruka litt andre tenesteområde i rekneskapet enn i budsjettet. Dette er det korrigert for i 2025 budsjettet. Tilsaman er det gjeve tilskot på omlag kr 2160 000 til lag og organisasjoner i 2024.
- Andre næringsformål - dette gjeld næringsfondet. Sjå kommentar lengre ned.

PPT Indre Nordmøre

Aktivitet

2024 var prega av arbeidet fram mot samanslåing og oppstart av PPT Indre Nordmøre.

Rapporteringa gjeld difor Surnadal og Rindal PPT for perioden 01.01.24 - 31.07.24 og PPT Indre Nordmøre for perioden 01.08.24 - 31.12.24.

Fokuset på tverrfagleg samarbeid og førebygging har vore tydeleg i arbeidet vårt i Surnadal og Rindal dei siste åra. Våren -24 var vi blant anna involvert i utarbeiding av rettleiar for inkluderingsteam i alle

Årsmelding 2024

einingane i Surnadal for å sikre faste møteplassar mellom PPT, barnehagane og skulane for dette arbeidet. Igangsetting av inkluderingssteam starta i august. Vi har fått barnehagane og skulen i Rindal med på dette og vi er igang også der.

01.08.24 fekk vi ny opplæringslov. Den nye lova medfører ein del endringar som angår PPT sitt arbeid både når det gjeld elevar sin rett til individuell tilrettelegging av opplæringa og med tydelegare fokus på PPT som samarbeidspart og støtte i skulane sitt førebyggande og systemretta arbeid. PPT arbeidde i løpet av våren med å førebu seg på endringane både på eiga hand og som deltar i ONNM si PPT-løype. Vi har arbeidd med vår felles forståing av endringane og har arbeidd med utvikling av nye malar og rutiner knytt til arbeidet med sakkyndig vurdering av behov for individuelt tilrettelagt opplæring både internt og i samarbeid med skuleigarane og rektorkollegiet.

01.08.24 vart Surnadal og Rindal PPT og Sunndal og Tingvoll PPT samanslege til PPT Indre Nordmøre. Initiativet til samanslåinga kom frå kommunedirektørane hausten 2023. Det var eit uttalt mål å få etablert eit større, robust fagmiljø. Våren -24 vart det arbeidd med førebuing til samanslåinga med samlingar for personalet. Vi brukte ulike verkty for å sjå på eigen praksis og saman reflektere over kva praksis vi ønsker å ha framover. I prosessen fram mot samanslåinga vart det orientert om at Sunndal og Tingvoll PPT hadde venteliste for henviste saker. Det var ikkje formidla detaljar kring dette. Leiar fekk innsikt i ventelista etter oppstart i august og det viste seg då at dette var ei utfordring som hadde utvikla seg over tid mellom anna på grunn av periode med svært redusert kapasitet i tenesta. Det er fleire barn/elevar som har stått meir enn 1 år på venteliste. Ventelisteproblematikken har prega arbeidet etter samanslåinga i stor grad, og har vore eit hinder i arbeidet med utvikling av felles praksis då presset er stort på individretta arbeid. Ein ser at utan auke i kapasiteten til tenesta vil det ta svært lang tid å få redusert ventetida for oppstart av arbeidet i saker som er henvist oss. Det er svært uheldig for dei barna/elevane det gjeld at PPT ikkje klarer å oppfylle dei lovpålagte oppgåvene våre med å ivareta rettighetene deira. Når kapasiteten må gå til det individretta arbeidet får vi ikkje arbeidd med det systemretta arbeidet på ein god nok måte. Konsekvensen av dette er mellom anna at vi kjem for seint inn med rettleiing og samarbeid kring barn/elevar der det er bekymring,

Vi har etter gjennomføring av samanslåinga erfart at dei to opprinnelige kontora har ulike praksis på mange område. Med nemte utfordring med ventelister er det vanskeleg å klare å prioritere arbeidet mot utvikling av felles praksis.

Nokre tal for 2024:

Ved årets slutt hadde vi 348 henviste saker, 54 av desse sto på venteliste. Dvs at vi var aktivt inne i 294 saker. Sakene på venteliste fordele seg slik: Sunndal: 20, Tingvoll: 25, Surnadal: 5, Rindal: 2, Møre og Romsdal / Vgs: 2.

Eininga har totalt 10 heile stillingar:

- Leiar 100% stilling (inkl merkantil funksjon og 5% fri-kjøp til Oppvekstnettverk Nordmøre)
- Fylkeskommunen kjøper totalt 1,75 stilling (0,5 stilling psykologressurs, 1,25 stilling pp-rådgjevar) til PPT for dei 3 vidaregåande skulane våre
- 10% systemforvalter (IKT ORKide)
- 7,15 stillingar pp-rådgjevar til kommunal PPT som betener 20 barnehagar og 14 skular

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE SURNADAL t.o.m 31.07.2024	3 282	2 207	0	0	-2 207	0,0 %
PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE SURNADAL f.o.m 01.08.2024	0	1 348	0	0	-1 348	0,0 %
PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE t.o.m 31.07.2024	0	0	3 616	3 616	3 616	100,0 %
Sum	3 282	3 555	3 616	3 616	61	1,7 %

Kommentar til status økonomi

Eininga vart oppretta 01.08.24 og det var ikkje utarbeidd budsjett for det som var att av året. Samarbeidskommunane har vorte fakturert for utgiftene etter fordelingsnøkkelen i samarbeidsavtalen. Rekneskapet viser eit mindreforbruk på 61 000.

Oppsummering tiltak

Ingen konkrete tiltak.

Surnadal og Rindal kulturskule

Aktivitet

2024 var eit år med god aktivitet. Faste aktivitetar med undervisning og framvisninger har gått bra. Eit auka fokus på samarbeid med grunnskole/sfo. Skoleprosjekt med kulturveke 9. trinn, Give me 5+6, Låtskrivarverkstad, musikk og dramatilbod i sfo mm
Godt tverrfagleg samarbeid om framsyning i samband med Vårsøghelga der elever frå begge kommunar deltok.

Noko utfordrande med rekruttering på enkelte disipliner, men stabilt elevtal samla sett.
Rekrutteringskonserter og danseframsyning for Subus og Surnadal VGS

Eit samla sjukefråvær på 4% er vi godt nøgde med.





Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Kulturskule interkommunal	0	0	266	266	266	100,0 %
Kulturskule kommunal	3 256	2 941	3 390	3 390	449	13,2 %
Sum	3 256	2 941	3 656	3 656	715	19,6 %

Kommentar til status økonomi

Vi kjem ut med eit mindreforbruk på 715.000kr i 2024.

Av dette er 475.000kr intern husleige som ikkje er ført pga endring i kostra. Kostnad skal ligge på bygget (kulturygg)

Mindreforbruket er i realiteten 240.000kr

Det er i hovudsak vakanse i lønnsmidler til rektor som har vore konstituert 50% i oppvekstleiainga i 2024

Der har undervisningsdelen (20% stilling) stått vakant i 2024.

Det er noko høgare inntekt på sal av tenester til utviklingsprosjekt.

Kostnader tilleggspensjon KLP gjer at andel Rindal er som budsjettert.

Driftsnivå og kostnader forøvrig etter budsjett.

Oppsummering tiltak

Mindreforbuk drift pga endring i regnskapsføring av intern husleige kr 475000. Kostnad skal ligge på bygget (kulturygg) Kostra

Vakanse i stilling 200.000kr

Økt salgsinntekt til utviklingsprosjekt.

Øvrig drift i tråd med budsjett

Kyrkjeleg fellesråd

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Kyrkjene	4 023	4 336	4 336	4 336	0	0,0 %
Kyrkjegardane	2 235	2 335	2 335	2 335	0	0,0 %
Sum	6 258	6 671	6 671	6 671	0	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Indre nordmøre barnevernstjeneste

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
Heimekonsulent	247	1 401	1 313	1 313	-89	-6,7 %
BARNEVERNSTENESTE - IK - felleskostnader til fordeling	18 690	17 572	18 887	18 887	1 316	7,0 %
Barnevernstjeneste - administrativ saksbehandling - til enkeltkommunane	1 457	1 152	1 964	1 964	812	41,4 %
Barneverntiltak i familien	2 542	3 941	3 136	3 136	-805	-25,7 %
Barneverntiltak utanfor familien	25 192	24 560	27 193	27 193	2 633	9,7 %
GODTGJERSLE TILSYNSFØRAR - faktureres andre kommuner	-210	-258	0	0	258	0,0 %
Sum	47 917	48 367	52 493	52 493	4 126	7,9 %

Kommentar til status økonomi

Kostnadene som kjem fram her er brutto utgifter for heile samarbeidet samla. For å sjå rekneskapet berre for Surnadal kommune, sjå under enhet 542.

Det har vore unaturlig lite bruk av statlige tiltak i 2024. Det er disse tiltaka som avgjer om vi greier halde oss innanfor budsjettet. Det er ikkje realistisk å tenkje at dette kjem til å vedvare.

Oppsummering tiltak

Av dei største utfordringane i 2024 har utan tvil vore at det er stor mangel på fosterheimar. Dette har vore krevjande. Det har blitt funne løysningar lokalt, og dette har vore både lærerikt og nyttige erfaringar då det ikkje ser ut til å være ei auke i fosterheimar framover heller. Tenesta har behov for å få i orden ein bolig til hjelp i slike akutte situasjonar, noko vi har begynt å jobbe med i 2024. Ved endra behov må tenesten tenkje nytt for å møte behova. Ein slik bolig kan vere nyttig i fleire tilfelle der det er behov for å løyse ein situasjon på kort sikt.

Ellers har det vore ei stor auke i antal bekymringsmeldingar som pregar kapasteten i tjenesten. Det er stort press, og med tidvis høgt sjukefråvær er det krevjande for dei som er på jobb. Målet er å bemanne opp slik at vi har faste vikarar framover.

Indre Nordmøre barnevernstjeneste avd. Surnadal

Aktivitet

Sjå kommentar under 540 Indre Nordmøre Barneverntjeneste

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
HEIMEKONSULENT - andel Surnadal	77	438	116	116	-322	-276,7 %
BARNEVERNSTENESTE - felleskostnader til fordeling - andel Surnadal	5 866	5 493	5 520	5 520	27	0,5 %
BARNEVERNSTENESTE - administrativ saksbehandling - direkte til Surnadal	1 110	380	1 314	1 314	933	71,0 %
BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN - andel Surnadal	952	1 008	1 000	1 000	-8	-0,8 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024		
BARNEVERNTILTAK UTANFOR FAMILIEN - andel Surnadal	5 904	4 696	6 050	6 050	1 354	22,4 %
GODTGJERSLE TILSYNSFØRAR - andel Surnadal	-66	-81	0	0	81	0,0 %
Sum	13 842	11 934	14 000	14 000	2 066	14,8 %

Kommentar til status økonomi